

Gamle dagar í
SAMNANGER



Årbok 2013
Samnanger historielag

2013

Trykk: Øystese trykkeri A/S, 5610 Øystese

Framsida:

Denne utgåva av "Gamle dagar i Samnanger" har to artiklar som har med felespeltradisjonar i Samnanger å gjera. Biletet på framsida viser Peder Aadland (fødd 1915), ein av dei som har gjort aller mest for å halda denne tradisjonen levande heilt fram til i dag.

Gamle dagar í Samnanger

2013

Innhald

| | |
|---|---------|
| «Norskt mål vil me i Noreg hava» Av Ivar Bård Aadland | side 7 |
| Salmebokstriden - eit innlegg Av Ivar Bård Aadland | side 17 |
| Ferdsla til Rolvsvågkrinsen og strid for veg Av Johannes Lid | side 21 |
| Krigsåra 1939 – 45 slik folk i Rolvsvåg opplevde dei Av Johannes Lid | side 37 |
| Felemakaren Johannes Bårdson Tveit (1786-1847) Av Ivar Bård Aadland | side 53 |
| Knut og Margreta (Grønsdal) Myrland Av Øyvind Røen | side 61 |
| Trøyer i Samnanger Av Hanne Yndestad Aadland | side 69 |
| Samnanger historielag 2013 Av Helge Hisdal | side 77 |

Føreord

Den 5. august i år var det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd. Det er derfor naturleg at me i denne årboka tek med litt av målreisingsarbeidet i vår bygd. Ivar Bård Aadland har skriva to artiklar der han mellom anna har funne stoff frå Samnanger mållag sine referat og nedteikningar og frå Hans Tømmerbakk sine notatbøker.

Johannes Lid har skriva ned mangt og mykje interessant frå livet i Rolvsvåg opp gjennom tidene. Me tek med to av artiklane hans – ein om striden for veg og ein om krigsåra i Rolvsvåg. Mange av hendingane han skriv om, ligg over 70 år attende i tid, og vert her skildra slik artikkelforfattaren hugsar dei.

I august heldt den svenske spelemannen Anders Rosén konsert i Samnanger. Han hadde med seg ei 118 år gammal Samnangerfele som Knut Myrland (Grønsdal) hadde laga. Han hadde fått tak i denne fele hos ein engelsk instrumenthandlar. Me trykkjer foredraga om Samnangerfelene og opphavsmennene deira som Ivar Bård Aadland og Øyvind Røen hadde i samband med konserten. Dei handlar om Johannes Bårdson Tveit som laga dei vidgjetne tveitafelene i første halvdel av 1800-talet, og Knut Myrland (Grønsdal) som overtok felemakarverktøyet etter Johannes Bårdson og laga fele til han var 95 år. Artikkelen om Knut Myrland er utvida litt i høve til foredraget, og me får vita litt meir om livet hans, både før og etter at han gifta seg med Margreta («Maggreto») frå Børdalen.

Hanne Yndestad Aadland har gjennom fleire år arbeidd med å samla opplysningar om gamle klesplagg frå Samnanger. I denne årboka har ho skriva ein artikkel som tek utgangspunkt i ei gammal trøye.

Me takkar hjarteleg dei som har kome med tilfang til denne boka og vil gjerne oppmoda andre om å koma med stoff til nye årbøker! Har du ein god historie eller minne frå farne tider, er me takksame om me får høyra om det. Dersom du kvir deg med å skriva det ned sjølv, hjelper me gjerne med det!

Anlaug Røen Hauge
-redaktør-

”Norskt mål vil me i Noreg hava ...”

Av Ivar Bård Aadland

Stor ungdomsstemna med landskjende talarar og strid for å få nynorsk inn i kyrkja var dei to største oppgåvene det nyskipa Samnanger mållag tok på seg i 1920-åra. Noko av det første laget gjorde, var å syta for pengehjelp til Nils Lauvskard sitt arbeid med bygdeboka. Mangt lukkast for det unge laget. Men ikkje alt gjekk like knirkefritt, for det var enno stor motstand mot nynorsk i fleire krinsar.

Samnanger mållag vart skipa 16. mai 1925 med Engel Høysæter (1894-1984) som formann. Første året hadde han Tomas Isene, Henrik Steine, Nils K. Langeland og Andreas Sævild med seg i styret. Året etter vart styret utvida med Peder J. Nordbø og Engel Totland. I 1927 kom Bernhard Tysseland inn i staden for Engel Totland. Det kan me lesa av årsmeldingane dei tre første åra for det nyskipa laget. Der får me òg vita at talet på medlemmer var 58 første året og 50 dei to neste.

”Målstoda i bygda”


På skjemaet for årsmelding til Noregs mållag skulle laget også gje opplysningar om ”målstoda i bygda”. Laget melder at ”norsken” er innført i 8 av dei 12 skulekrinsane, medan 4 står att med ”dansk”. I dei fire krinsane som står att, er det ikkje fleirtal for ”norsken”, så det vil lite løna seg å gjera framstøyt for røysting om skulemålet i desse krinsane med det første, meiner mållaget. (Dei fire bokmålskrinsane var Steinsland, Tysse, Grønsdal og Eikedal. Nordbygda og Tveit, som dei første, hadde innført nynorsk alt i 1909.) Men laget vil gjera det det kan for å ”*få norsken fram, t. d. med å spreida norsk lesnad og med fyredrag av norske talarar.*”

Nynorsk var alt innført i alle greiner av bygdestyringa, med unn-

tak av sjukekassen. Og målfolk sat i leiinga like frå Knut Tvedt som ordførar til Tomas Isene som leiar i fattigstyret, Peder J. Nordbø i Venstrelaget og Nils K. Langeland som formann i både skulestyret, bondelaget og bankstyret. Men ”dansen rår enno grunnen” i bankstyret, melder mållaget

Eit handslag til bygdebokskrivaren

Bygdebokskrivaren Nils Lauvskard hadde det meste av manuskriptet til bygdeboka ferdig, men makta ikkje å koma heilt i mål utan hjelp. Styret i mållaget hadde då møte med Nils Lauvskard og sende søknad til heradstyret om 700 kr i pengestønad. Pengane trongst for at han skulle kunna reisa til Oslo og vera der ein månads tid og søkja i Riksarkivet etter folketeljningane frå 1850 til 1918 og militære rullar frå 1807 til 1814. ”Med omsyn til det siste vil me peika på kor viktugt det er å få med i boki dei menn frå bygdi som var med i krigsåri 1808-1814,” skriv mållagsformann og yrkesbefal Engel Høysæter. Brevet sluttar han slik: ”Mykje hev han (NL) offra – lite er det han kan venta



I årevis brukte Nils Lauvskard all ledig fritid, i tillegg til at han nok ofra mykje nattesøvn, på å skriva den eineståande første bygdeboka for Samnanger. Det nyskipa Samnanger mållag søkte heradstyret om 700 kroner for at Nils Lauvskard skulle kunna reisa til Riksarkivet i Oslo for å leita etter opplysningar der.

seg som lønn. Herradstyre hev plikt til å hjelpa til at vore fædres saga ikkje skal verta gløymt. Alle folk som hev si rot i bygdi si saga ventar at Herradstyre her vil syna hjartelag og gjeva ei hjelpsam hand."

Søknaden var skriven 11. november 1925. 6. februar 1926 stettar heradstyret søknaden og løyver 700 kr til Nils Lauvskard. Utpå hausten svarar NL på eit brev frå Engel Høysæter og takkar for hjelpa med Oslo-turen der han fekk samla mykje stoff som han no arbeider med. Han takkar og for bilete som Høysæter har teke til boka, og kanskje kan mållagsmedlemene hjelpa til med å samla fleire bilete? Men med bygdebokarbeidet går det tregt: *"Ja eg veit ikkje anna å segja, enn at eg strevar med å gjera manuskriptet til bygdeboka ferdigt; men det gjeng diverre ikkje so fort som ynskjande kunde vera, for eg lyt arbeida for livemåten for meg og mine um dagarne, so det vert berre små stunder att til skrivearbeidet, når dagsverki er gjorde og eg hev stelt til ein grand mat åt meg."*

Det skulle enno gå fleire år før manuskriptet var ferdig, men i 1930 låg endeleg "Samnanger – saga um bygdi, gardarne og ætterne" ferdig frå prenteverket.

800 ungdomar på stemne

Det unge laget låg ikkje på latsida. Straks på nyåret 1926 tok mållaget kontakt med ungdomslaga i bygda og inviterte dei til å vera med på å skipa til ei stor stemne til sumaren. Dei ungdomslaga som ville vera med, måtte snarast velja ein medlem til stemnenemnda.

Ungdomslaga var som me veit mykje av same ulla som mållaget, og ofte var det same personane som var å finna i begge organisasjonane. Noregs ungdomslag hadde på denne tida kampen for nynorsk som ei av sine viktigaste saker. Saman med folkehøgskulen var ungdomslaga og mållaga mellom kjernetroppane i den nasjonale reisinga i tiåra kring 1900. Ser me på styret i det nyskipa Samnanger mållag, så var iallfall to av styremedlemene også formenn i ungdomslag på den tida: Johannes P. Nordbø (Nordbygda) og Bernhard Tysseland (Frølandsdal). Tomas Isene hadde elles vore første formannen i Nordbygda ungdomslag då det vart skipa i 1915.

Kva ungdomslag som vart med, veit me ikkje. Men sidan stemna vart halden på Ådland, er det nærliggjande å tru at iallfall Nordbygda

ungdomslag hjelpte til. Kanskje var også ungdomslaga på Tysse, Tveit og i Frølandsdal mellom tilskiparane.

Formann Engel Høysæter forhørde seg hjå Gula Tidend om andre planlagde stemner denne sumaren, og tok så kontakt med den landskjende folketalaren Martin Birkeland (1884-1954), styrar på Fana folkehøgskule, og ville ha han til talar. Birkeland hadde lovd seg bort til andre kvar helg mest heile sumaren. Men han hadde fri 1. august, så då ville han gjerne koma, sidan det var lenge sidan han hadde vore i Samnanger. Birkeland, som også var formann i Vestlandske mållag då, spør om VM kan stå mellom tilskiparane sidan VM hjelper til med å skaffa talarar.

Det går stemmenemnda med på, og bed om at Jon Mannsåker (1880-1964) både held gudsteneste og vert ein av talarane. Mannsåker var då styrar på Hardanger folkehøgskule på Lofthus, og var dessutan hjelpeprest i Ullensvang. Det ordna Birkeland. Og han fekk med seg endå ein talar: lærar og forfattar Olav Hoprekstad (1875-1965).



Her, i Kulia på Ådland, i området rundt garasjen og huset på biletet, var det at den store stemna vart arrangert. Men det såg heilt annleis ut då. Sjøen gjekk nesten inn til der garasjen midt på biletet er, ingen av bygningane på biletet var der, og ikkje minst viktig, det var truleg knapt eit tre å sjå her då.

Engel Høysæter tingar så 1000 songhefte som Noregs ungdomslag har gjeve ut til stemnebruk. Så var det berre å bu seg på å ta mot folk. Og då dagen var der, strøymde folk til stemnestaden.

Hovudpostane i programmet var: Kl. 10 ½ (10.30): Gudsteneste ved Jon Mannsåker. Kl. 2 ½ (14.30): Martin Birkeland og Olav Hoprekstad held talar. Så er det kaffipause fram til kl. 6 (18.00) då Jon Mannsåker skulle sleppa til med sin tale. Høysæter songkor skulle vera med i første møteøkta, og Samnanger mannskor i den andre. Nordbygda musikklag skulle spela under stemna, og kl. 8 ½ (20.30) skulle det vera skodespelframsyning.

På den tid varde nok kvar av talane i minst ein time. Så det var noko folk var vane med. Men me skulle tru det måtte vera kjærkome med song- og musikkinnslag innimellom.

I årsmeldinga for Samnanger mållag 1926 les me: *"Laget hadde olsokstemna saman med VM 1. august. Det var ei sers vellukka stemna med umlag 800 menneske."* Årsmeldinga nemner talarane, men ikkje kvar stemna vart halden.

Men det veit Peder Aadland, ein av Samnanger sine aller eldste, som har eit utruleg godt minne. Han gjekk i sitt ellevte år den gongen, og han hugsar godt at den store friluftstemna vart halden i Kulia, rett attmed og ovanfor der huset til Svanhild og Halvard Langeland står i dag på Ådland. Det var korkje vegar eller skog i lia den gongen, og talaren stod på ein liten flate med fullt av stemnefolk ovanfor seg oppover heile lia, der vegen til dei nye husa på Lindane går i dag. At det var skodespel om kvelden, hugsar han ikkje noko til. Men om så var, så har det vel vore det nyss oppattskipa Nordbygda ungdomslag som har vist kva dei var gode til på speltilet. I møteboka til ungdomslaget ser me at laget hadde leikkveld med framsyning av skodespelet "Formål ekteskap" 20. mars det året, så kanskje same spelstykket vart synt i reprise under stemna.

Dette gav meirsmak. Så Samnanger mållag emna på å skipa til ei liknande stemne saman med Vestlandske mållag året etter. Men det rann ut i sanden. Sersjant Høysæter gjorde militærtjeneste på Ulven på føresumaren og kunne lite gjera der ifrå, og dei andre i styret fekk ikkje tak i stemnetalar tids nok.

Tapte slaget om kyrkjemålet

I 1927 tok mållaget opp kampen om målform i kyrkja – og då først og fremst for å få innført Nynorsk salmebok. For å sikra seg fleirtal for salmebokbyte, sette mållaget opp eiga liste til soknerådsvalet. Dei som stod på mållagslista vart valde, står det i årsmeldinga. Med andre ord kuppa mållaget soknerådsvalet og hadde soknerådet på si side.

Men eit skifte av målform i kyrkja og innføring av ny salmebok krov allmenn røysting på soknemøte. Etter oppmoding frå Noregs mållag hadde mållaget i 1926 sett opp manntalslister med namns nemning på ”norskmålsfolk” og ”danskmarksfolk”. Om det vart gjort i all krinsane, går ikkje fram av dei papira me har funne. Men den som fekk oppdraget med å setja opp eit slikt manntal i sin krins, skulle også føra opp kven dei trudde ville møta til røysting om kyrkjemålet, og kven dei trudde ikkje ville møta. I Nordbygda-krinsen har oppskrivaren ført opp i alt 68 ”norskmålsfolk” og 52 ”danskmarksfolk”. Han trudde at vel halvparten av nynorskfolket ville røysta, men berre knapt halvparten av bokmarksfolket. Så der skulle det vera tydeleg fleirtal for nynorsk. I dei fleste andre krinsane var det anten fleire bokmarksfolk enn nynorskfolk eller nokså jamnt mellom dei to flokkane. Men oppskrivarane trudde (håpa?) at flest bokmarksfolk ville halda seg heime og ikkje røysta.

I Hisdal krins hadde Nils Lauvskard fått i oppdrag å setja opp eit slikt manntal. Han gav opp. I brev til mållagsformannen den 21.11. 1926 fortel han at han hadde han prøvt å tenkja etter kven som røysta kva ved skulemarksrøystinga (i 1919). Men når han snakka med folk, kom han i tvil, og trudde ei slik liste ville verta nokså misvisande. Om to karar som stødde sterkt opp om nynorsk under skulemarksrøystinga, skriv han: *”Den fyrste er flutt frå krinsen, og den andre hev snudt um og er ein trangsynt pietist og riksmålsmann. Meg sjølv undanteken, veit eg ikkje med vissa um her i krinsen finnst ein einaste sofjerre målmann, at han vil røysta norsk inn i kyrkja.”*

Jamvel om dei altfor optimistiske spådomane i manntalslistene til mållaget hadde slege til, var det høgst usikkert kva utfallet ville vorte. Og det utan å ha med to av dei største krinsane som enno heldt på bokmål i skulen: Tysse og Steinsland.

Av andre kjelder ser me at det til soknerådsmøte 17. mai 1928 var kome skriv med oppmoding om å ta opp spørsmålet om skifte av

salmebok. Brevet var underskrive av 21 personar. Det var nok mållaget som stod bak med sine folk. Soknerådet gjekk med på å drøfta saka i eit soknemøte. Og den 19. august var det samtale i kyrkja om salmeboksaka med røysting etterpå. 167 røysta for Nynorsk salmebok, 7 for Landstads reviderte og heile 277 for den gamle Landstads salmebok, som dei var vane med. Så røystinga vart eit dundrande nederlag for mållaget.

Siger til slutt

Som me ser av røystinga, var det heile tre salmebøker soknemøtet hadde å velja mellom: Landstads, Landstads reviderte og Nynorsk salmebok Landstads salmebok frå 1869 hadde 634 salmar berre på dansk-norsk. I 1869 byrja Elias Blix å gje ut hefte med salmar på nynorsk. Dei vart autoriserte til kyrkjeleg bruk i 1892, og 150 "Blix-salmar" vart då trykte som vedlegg bak i Landstads. Dei vart det strid om mange stader. Men i 1926 hadde over 500 kyrkjelydar nytta seg av Blix-tillegget.

Same året kom Landstads reviderte salmebok ut etter lang strid og fleire endringar fram og attende. Her var 200 av dei 886 salmane på nynorsk. Men året før (1925) hadde Elias Blix, Anders Hovden og Bernt Støylen fått godkjent og gjeve ut Nynorsk salmebok. Presteforeininga protesterte mot ei rein nynorskbok, og alt året etter vart det teke inn eit tillegg med 200 bokmålssalmar.

I Samnanger heldt dei altså på gamle Landstad. Men i 1938 var mållaget på bana igjen med oppmoding til soknerådet om å syta for røysting om å føra inn Nynorsk salmebok. Mot 1 røyst rådde soknerådet til at Nynorsk salmebok og nynorsk liturgi vart innført ved alle gudstenester i Samnanger. På soknemøte 31. juli røysta 111 for Nynorsk salmebok og 49 for Landstads. Røystetala for nynorsk liturgi (tekstar, bønner og anna ved kyrkjelege handlingar) var 106 mot 22.

Mållaget hadde vunne. Nynorsk var innført i kyrkja. Då mållaget tok opp kampen i 1927, håpa laget at innføring av Nynorsk salmebok ville føra til at nynorsk skulle ta over plassen i dei skulekrinsane som enno heldt på bokmålet. Og slik gjekk det. Resten av skulane kom i mål (!) samstundes med kyrkja. Som dei siste gjekk Steinsland og Tyssekrinsar over til nynorsk i 1938.

Fleire framstøytar for nynorsk

Mållaget fekk ungdomslaga med seg i kampen for nynorsk i kyrkja, men dei hadde også sammøte om mangt anna. Der var det ein eller annan – gjerne ein lærar – som innleidde til ordskifte om ulike emne som ”Kva kan me gjera for å stytta norskt arbeid”, ”Kva krav kan ein setja til sømeleg framferd under offentlege samkomer” og ”Kva verd hev bladi for uppseding”. Dessutan var det opplesing og musikk på desse sammøta som kunne samla heile 200 tilhøyrarar.

Mållaget var med på å spreia ”målet” og skaffa inntekt til Noregs mållag gjennom sal av blad som ”Norsk Jol”, ”For Bygd og By” og ”Joletre”. Dessutan tinga laget gylte jakkemerke av ”Solfuglen”, eit symbol på nyvakning og norsk reising, som skulle seljast til 17. mai. Laget selde òg brevmerke som viste ein nybrottsmann og med Garborg-sitatet ”I kjærleik varm og mild legg me vår vilje til”.

Sidan Tysse var ein av krinsane som enno heldt på bokmål, gjekk mållaget ein omveg og kjøpte inn ”Støylens songbok for sundagsskular” til sundagsskulen i krinsen. Men i dei krinsane nynorsk alt var innført, kunne det vanka både heider og premie for flinke avgangselevar. I årsmeldinga for 1927 les me: ”Ytt til premiar for dei beste norskestilar til årsprøva i folkeskulen kr 26,-”

Elles var det støtt eit mas om støtte til nynorskblad. Vestlandske mållag meinte at mållaget burde syta for at kvar 10. medlem heldt Gula Tidend. Noregs mållag ville at alle mållagsmedlemer burde tilpliktast å tinga eit nynorskblad etter fritt val. Men det avviste Samnanger mållag. Og då soknepresten og soknerådet bad mållaget samarbeida med ungdomslaga om innsamling til domkyrkja i Trondheim då saka ”har sin både nasjonale og kirkelige side”, var også svaret eit høfleg nei. Ungdomslaga hadde bygt eller skulle til å byggja seg ungdomshus, så dei stod i skuld og gjeld, og mållaget ville ikkje ta på seg denne innsamlinga åleine. Men om presten sette i gang innsamling, skulle ”mållaget på det varmaste telja til og oppmoda ungdomane i alle lagi til å støtta ei slik innsamling.”

Skriftlege kjelder:

Årsmeldingar, brevbyte og notatar frå Samnanger mållag 1925-27.

Nils Lauvskard: "Samnanger" (1930)

"Kyrkje- og kristenliv i Samnanger". Festskrift i høve kyrkja sitt 100-årsjubileum 1951.

Møtebok for Nordbygda ungdomslag 1915-1932

Wikipedia

Salmebokstriden – eit innlegg

Av Ivar Bård Aadland

”Me burde takka Gud for at han hev gjeve menn i vår tid skaldegåva til å syngja om Guds store gjerningar på vårt tungemål, og at me no hev fått ei salmebok som er endå gildare enn Landstadboki,” skreiv den unge, nyinnflytta læraren Hans Tømmerbakk under salmebokstriden i 1920-åra.

Hans Tømmerbakk (1902-1985) kom som nyutdanna lærar frå Volda til Samnanger i 1923. Første skuleposten fekk han i Grønsdal,



Hans Tømmerbakk var ein av dei som engasjerte seg i salmebokstriden i Samnanger. Biletet er frå 1937.

og seinare skulde han i Rolvsvåg og til sist på Steinsland. I 1955 vart han tilsett som skuleinspektør i halv stilling, den første tida attåt halv post på Steinsland. Tømmerbakk vann seg stor tillit i Samnanger, og han var mellom anna med i heradstyre og formannskap, var formann i både skulestyret, soknerådet og helselaget, og ein av leiarane i Losje "Morgenrøden".

Hans Tømmerbakk vart mykje nytta som talar i lyd og lag, og i dei etterlatne tølne er det fleire notat- og skrivebøker med foredrag han har halde. Der ser me at den unge læraren også har kasta seg inn i kampen for å få innført Nynorsk salmebok i kyrkja.

Skal Barstad, Hovden og Støylen stengjast ute?

Då Tømmerbakk heldt appell for Nynorsk salmebok, skulde han i ein av dei fire krinsane som framleis hadde riksmål (bokmål) som skulemål – Grønsdal. Kanskje det er ein av grunnane til at han først og fremst argumenterte med at innhaldet i Nynorsk salmebok var så mykje betre enn i Landstads, ikkje berre målet. Han hevda at "*boki tvillaust er den beste av dei tre bøkene ein hev å velja millom*" Dei tre bøkene var som kjent gamle Landstads (som framleis vart brukt i Samnanger), Landstads reviderte og Nynorsk salmebok. Landstads salmebok har ikkje følgt med tida i språkutviklinga, og i boka sakna han mykje av vår tids beste salmeskatt. Dei fleste salmane i begge Landstad-bøkene er skrivne av danske og tyske salmediktarar. I alle dei andre Norderlanda er det nasjonale diktarar som har skrive det meste. Slik er det også med Nynorsk salmebok. Over halvparten av salmane er "*dikta av norske salmeskaldar på norsk mål, forutan dei norske salmane i riksmålstillegget.*" (Nynorsk salmebok hadde eit tillegg med 200 bokmålssalmar, på same vis som Landstads reviderte hadde eit tillegg med 200 nynorsksalmar.)

Tømmerbakk argumenterer også mot dei som ottast at Nynorsk salmebok er for liberal i trusspørsmål. "*Men eg hev sett vyrde og kjende menn sagt frå at dei har granska henne nøgje, men har ikkje funne noko som vik av frå gamal god bibelsk kristendom,*" skriv Tømmerbakk, og nemner at indremisjonshovdingar som Ludvik Hope og Nils Lavik rår til å innføra Nynorsk salmebok i kyrkjelydane.

Nynorsk salmebok har også ein føremon i at ho har så mange salmar

søm høver for kvardagskristendomen, meiner Tømmerbakk, som set tre krav til ei ny salmebok:

1. Salmesongen må mest mogeleg vera på norsk folkemål, og tilmåstast etter vår tids målkjensle og uttrykksmåte.
2. Me må få så mykje med av det beste i Landstads (med Blix) at me kan finna att mesteparten av det gamle gullet og sølvet i den nye salmeboka.
3. Me må dertil få det beste av alle tiders salmedikting som ikkje kom med i Landstad. og særleg den rike norske salmeskatten frå nyare tid.

Nynorsk salmebok stettar desse krava meir enn noko anna salmebok, hevdar Tømmerbakk, og går nokså nøye gjennom innhaldet. Så nemner han særleg *”dei gildaste salmediktarane i vår tid: Barstad, Hovden og Støylen,”* og held fram: *”Skal me so stengja kyrkjedøri for Barstads hugtakande salmar, og for Hovdens stutte, men malmfulle salmar um synd, soning og nåde, og alle hans umsetjingar av utanlandske kjernesalmar. Og for Støylens varme, frimodige, milde og mektige salmedikting. Skal me sleppa dei inn kyrkjedøri. Eller skal me slå døri att og stengja dei ute?”*

Brot med tradisjonen?

Mange meinte at det ville verta eit brot med tradisjonen å føra inn Nynorsk salmebok. Det kan så vera, seier Tømmerbakk. Det vert eit brot med den danske kyrkjeskikken. Men på same tid knyter ein tradisjonen til ei eldre fortid. Det var norsk kyrkjemål like fram til reformasjonen i 1536 (Merknad frå IBAA: Luther meinte at alle folk burde få Bibelen og kyrkjelege tekstar på morsmålet sitt i staden for på latin slik det var i den katolske kyrkja. Men ”morsmålet” vart dansk for oss nordmenn sidan me låg under Danmark på den tid.)

Det norske målet har vore berar av eit rikt kyrkjeleg liv før den tid, hevdar Tømmerbakk. Dei gamle heldt morsmålet høgt til skildnad frå mang ein nordmann i seinare tid, meiner han, og siterer faren sine ord til sonen i Kongsspegelen: *”Vil du verta fullkomen i kunnskap, så lær deg alle tungemål, helst latin og velsk, for desse tungene går vidast. Men gløym då ikkje ditt eige tungemål.”* (Merknad frå IBAA: Med velsk meinte ein i norrøn tid romanske språk, særleg fransk og

italiensk.) Tømmerbakk siterer også frå ei gammal juledagspreike på norsk: ”*Kvar mann skal be for seg såleis som han kan og har lært, for Vårherre skjønner alle tungemål.*” Med det fekk Tømmerbakk sagt at vårt eige mål er fullt ut brukeleg også i kyrkje og kristenliv.

Frå den norrøne mellomalderen finst det også ein religiøs litteratur. Tømmerbakk nemner særskilt ei bibelomsetjing frå 1220-åra som sume har hevda ingen andre land kan oppvisa maken til på den tid. Då var Noreg først i Norden. Dei andre Norderlanda fekk Det nye testamentet og seinare også heile Bibelen på eige mål først etter reformasjonen. Men for Noreg skulle det gå fleire hundre år med dansk før me fekk Det nye testamentet på nynorsk i 1889 og heile Bibelen i 1921.

Dei religiøse skriftene på norsk i mellomalderen syner at det norske målet hadde vørndnad i kyrkja den gongen, seier Tømmerbakk. Og i grunnen har ikkje den tradisjonen som tok til på den tida Noreg vart kristna, nokosinne vore heilt avbroten. For dei som har gått ut og inn or kyrkjene også etter 1500, har tala same målet som det som rådde grunnen tidlegare. Så no er det på tide å bera det målet innatt i kyrkja som alle fedrane våre har brukt når det røynde hardast på, meiner han, og sluttar med ein appell: *Ver med og før norsk mål innatt i norsk kyrkje – ver med og lat norske salmar tone under norske kyrkjekvelvar!*

Slik var appellen. Men det hjalp ikkje. Målfolket leid eit dundrande nederlag ved røystinga i 1928. Kyrkjefolket i Samnanger kjende seg tryggast med å halda på gamle Landstad. Det skulle gå endå ti år før Nynorsk salmebok slapp inn kyrkjedøra i Samnanger.

Ferdsla til Rolvsvågkrinsen og strid for veg

Av Johannes Lid

Ferdsla over Brekken

Det ”å gå om Brekken” var den snøggaste byturen ein kunne gjera frå Rolvsvåggrenda like til bilvegen kom fram i 1973 – vel å merka når vêr og føre tillet å gå turen. Om lag to timar vanleg gonge tok turen frå Våga til busshaldeplass i Haugsdalen. Bussane brukte så om lag ein time til byen. Men frå dei store gardane på Haugsdalen og Samdalen kjørte dei private mjølkeruter fleire gonger i veka, så der var det greitt å følgja.

Andre alternativ for bytur herifrå var å ta ein rotur på minst ein time, pluss at ein måtte få båten plassert og koma seg til busshaldeplass. Oftast var det til Sandvik eller Gaupholm ein rodde. I Trengereidfjorden kom vegen først i 50-åra, og der var det sjeldan buss.

Slik var kontakten med omverda for Rolvsvågen før andre verdskrigen – utan veg og elektrisitet, og telefon kom først i 1951.

Stadnamn fortel

At fjellovergangen frå Haugsdalen til Samnanger vart mykje nytta før vegbygginga kom, er sikkert. Dei mange stadnamna fortel mykje om det. Sjølve namnet Brekken kjem nok av ferdsla her. Me har Storebrekken, den store brekka opp frå Trengereidfjorden, som er svært bratt og vanskeleg å ta seg fram i. Då var vegen over Vetlebrekken annleis. Her var lett framkomeleg – berre lettare motbakkar – så fedriftene gjekk nok mest her. Namnet Driftemyra nesten på overgangen til Haugsdalen fortel om det.

Også namnet Våga kjem kanskje av ferdslvegen som kom her til. Ein måtte ”va” og ”gå”. (Den vanlege tydinga av stadnamnet er at det kjem av ordet våg i fleirtal i gammalnorsk, altså ei bukt eller vik, red. mrk.) Me veit Sandelva som kjem frå høgste toppen av Gullfjellet, kan vera stri å koma over. Då måtte dei va seg over på Sandflaten i Vester-

dalen. Dette er òg kanskje største elva frå topplataet på Gullfjellet. Ho renn gjennom Purkedalen og Gjelet, der ho deler seg og ein del renn mot Trengereid og Sagavatnet.

Linje- og vegbygging

Då Bergen kommune straks etter år 1900 bygde kraftstasjon i Samnangervassdraget, vart det òg bygt høgspenlinjer her med mykje tungtransport. Det fortelst at fanabønder sleit ut mange hestar på dette arbeidet. På samnangersida ville dei også gjerne ha jobb (mest bering) opp den tunge kleiva Storebrekken, som dei laut ordna litt på før linjebygginga. Straum frå Samnanger til Bergen kom på i 1912.

Seinare i 1920/30-åra vart kraftlinje nr. 2 bygd. Då var militærvegen over Brekken komen. Dette er den såkalla ”general Munthes veg” som vart bygd for militært samband frå leiren Ulven til leirane Tvilde og Bømoen på Voss. Vegen vart bygd frå Haugsdalen til Trengereidfjorden om Nordbø til Grasdalen, og vidare frå Kvitingen gjennom Klungerdalen mot Bergsdalen. Vegen vart visstnok ikkje ferdig heilt fram, men er i dag ein fin turveg og eit kulturminne – særleg svingane i Storebrekken. Eg hugsar så vidt at far min var med på dette arbeidet. Ein særmerkt byggjestil på svingane – 24 i talet – opp den bratte lia. Om dei kom fram med kanonvogner, veit eg ikkje.

Militærøving

Eg hugsar at det var store militærøvingar på Brekken med leirplass ved Storebrekkvatnet i 1938-39. Det er innhogge årstal og regiment/avdeling på ein stor kampestein om lag på høgste punktet på vegen. Me høyrde også hornmusikk frå varden på Sauafjellet denne sumaren. Så kom verdskrigen, og norsk forsvar fekk anna å tenkja på.

Gullfjellet krev liv

Gullfjellet som turområde for bergensarar og andre er som kjent aktuelt. Men det har også kravt sine offer. I 1934 var ein flokk skiløparar på veg over fjellet. Ved høgste varden fekk dei snøstorm og miste sikt og lei. Ein etter ein skreidde dei utfor stupet ved Glumregjelet og slo seg i hel. Ein vart hangande på kanten og kom seg opp att. Truleg var han både skremd og i villreie, så han har søkt unna vêret og over til

Purkedalen og gjennom gjelet til Brekken og kom ned i Trengereidfjorden.

Etter 1934 sette turistforeninga i verk merking av skiløypa/turvegen frå Gullbotn i Trengereiddalen og til Bjørndalen med varderekkje og retningspil med nummer – kanskje mest hundre vardar i alt. Redningshyttene på vegen ned mot Svartevatnet vart bygde då, ca. 1934-38. Sjefen for dette arbeidet var ”gullfjellskongen” Anton Berge.

Stølsjenter og anleggsslusk

Området her, særleg omkring Storebrekkevatnet, var også eit viktig beiteområde for gardane på Våga først i førre århundret. Dei gamle visste å fortelja at det vart betre mjølk og meir smør når kyrne kom opp i dette fjellgrasbeitet. Men det var ein tung og strevsam jobb med stølagonge herifrå.

Då Bergen Lysverker tok til med kraftlinjebygging her, vart det stor verksemd med transport og linjebygging – alt med handemakt og hestetransport i dei dagar. Selskapet kjøpte tomter og bygde anleggshytter og lagerhus der arbeidarar budde og overnatta. Dei som gjekk til dyra, selde mjølk til anleggsfolka, som gjerne ville ha både mjølk og kontakt med stølsjenter.

Seinare, då militærvegen vart bygd, budde også arbeidarar i desse husa, som står enno.

Forgifta beitemark

Men linjebygginga førte også med seg stor ulempe for gardbrukarar. Fleire kyr kreperte av blyforgifting, truleg frå måling av høgspenmastene. Det vart reist erstatningskrav og sak, men så vidt eg veit fekk ikkje grunneigarane vederlag. Dei måtte setja opp gjerde, så dette fine beiteområdet vart kutta ut. Seinare har området kring Brekken berre vore nytta som saubeite. Men no er også det omtrent slutt; det var alltid stor tapsprosent her.

Så lenge dei gamle høgspenlinjene stod, vart vegen vedlikehalden godt. Og då den nye fjernlinja vart bygd i 1984 med to fjordspenn over Samnangerfjorden, vart vegen frå Haugsdalen til Vetlebrekkevatnet utbygd for lastebiltransport.

Forsvaret ville ha ny veg

Forsvaret har òg i seinare tid vist interesse for denne fjellovergangen til Samnangerfjorden, m.a. var det store militærøvingar og framrykking i terrenget med beltegåande kjøretøy i 1970- og 80-åra.

I år 1987 gjekk militæret i gang med store gravemaskiner for å byggja anleggsvegen vidare frå Vetlebrekkevatnet til Våga. Dei fekk løyve frå grunneigarane, som var interesserte i skogsveg. Vegene skulle byggjast utan nemnande sprengingsarbeid. Det er fullt mogeleg, for heile Vesterdalen nesten like til sandtaket er mest berre morene. Men det heile mislukkast på grunn av dårleg planlegging og tidspress.

Gamle vegplanar

Planane om hovudveg over her, er eldre enn sjølve Samnanger kommune og har vore framme mange gonger.

I 1967 vart det utarbeidd plan for prosjektet Hisdal-Haugsdal; lengd 12,8 km, høgd 180 moh, 5 tunnelar på i alt 3,5 km. Bro- og Tunnelsekskapet gav tilbod å byggja Haugsdal-Trengereidsjøen for 8,8 mill. i 1970.

Det å få vegutløysing til Rolvsvågen, var i det heile ei langdryg og vanskeleg sak. Storparten av Samnanger var utløyst med hovudvegane mot Hardanger og Fusa, og til grendene kringom vart det sett i gang bygging av bygdevegar. Men til Rolvsvågen fanst ikkje ein meter offentleg veg før krigen.

I 30-åra vart det mykje arbeidsløysa, tronge tider, så kommunen laut setja i gang naudsarbeid. På Solbjørg fekk dei i gang eit bygdevegprosjekt Solbjørg-Fusa grense. Men det vart ikkje mykje veg bygt, endå daglønna var nede i 1,50. Elles i krinsen var det kun litt kleivavøle.

I 1931 tok ein storflom brua over Sandelva, så ikkje eingong skuleborn kom fram. Men dugnadsarbeid med tømmerhogst i Fonnadalen og støyping fekk brua opp att. Folk var vane med så lite i dei dagar.

Eg har nemnt litt om byvegen. Folk hadde sjølv sagt trong for å få varer og anna her til, og å få selja det dei produserte på gardane eller frå fiske og småindustri som å grava treskor, arbeida tønner og ”spikra kass” og skogshogst av ved og tømmer.

Fjorden viktigaste ferdslevegen

På Solbjørg var einaste handelsmann med forretning og post. Dampbåtane hadde anløp to og tre gonger i veka med varer og post til heile bygda. Men etter som bilar og landevegsferdsel tok meir av varetransporten, vart det mindre med rutebåtane.

Eg vil òg nemna den private båtruta til ”Avanse 3” med brørne Nygård, som gjekk trufast ein gong i veka i mange, mange år like til etter krigens slutt. Eg kan hugsa at min første bytur var med ”Avanse” i 1933. Ein dag til byen og ein dag heimatt. Skøyta gjekk meir direkte enn damprutebåtane, men folk hadde betre råd på god tid då. Og så var det så greitt med denne ruta at dei henta og leverte fraktegods nesten i kvar einaste båtstø. Folk kunne få sendt slaktedyrr, ved og anna dei hadde å venda, og likeeins det dei måtte kjøpa heim frå byd`n. For dei som dreiv med tønne- og kasseproduksjon, var denne transportmåten heilt nødvendig.

Ein reisemåte som delvis vart nytta ute i fjorden, var å ro med båt til Os og så følgja Osbanen til byen. Men denne jernbanen gjekk som kjent berre ca. 40 år, og slutta å gå i 1935. Seinare var det ein viss rutekorrespondanse til bilruter i Lønningdalen. Dette høvde best for dei ytste grendene i fjorden.

Krigsåra var vanskelege på så mange måtar. Fjorden vart tidleg minelagd i Hovdasundet, seinare òg i Gaupholmsundet og Øyasundet (Trengeidfjorden). Og så var det uvanleg strenge isvintrar. Det vart kjørt med hest frå Tysse og mest til Liodden. Særleg tyskarane dreiv denne transporten. Eg veit heller ikkje om at folk har gått til fots på sjø og land frå Rolvsvågen til Tysse til andre tider enn i desse krigsvintranene.

Til fots – eller med robåt til byen

Byferder gjennom tidene har vel elles gått på så ymse vis. Det fortelst i saga at karar her i bygda som vart tobakkslause kom i stor naud utan dette viktige nyttingsstoffet. Så dei tok ut tidleg i otta og gjekk beinveges over Gullfjellet til Arna og vidare gjennom Borgaskaret (Ulriken) så dei kom rett til byd`n. Etter å ha fått litt mat og kvild og handla - for dei var dette viktige ting, - tok dei fatt på same vegen attende. Dei

greidde turen på dagen.

Men robåten langs fjorden var nok viktigaste framkomstmidlet i hundreåra før bygging av bane og kjøreveg tok til. Men ein rotur frå Sabnong til Bergen måtte ta tid, avhengig av vind og bør, og ikkje minst båten. Det var nok slik dei lettrodde færingsbåtane vart utvikla. Oselvaren er namngjeten, men det var fleire typar. Mange heldt òg på den snåle og lettbygde strandebermingen.

Men byturane kunne gå så ymse. Segna fortel om karar på heimveg hertil som fekk god seglevind frå Bjørnefjorden og innerter så dei slapp å ro, og smaka heller på gode byvarer. Ferda gjekk med liv og lyst, båten sigla og karane song. Men det er no slik at med segl og vind vert båten ustø; det vart visst karane òg. Dei kollsigla og måtte no sigla på kjølen. Folk på land tok feil av song og naudrop, hjelpa kom for seint, og det vart ei våt grav.

Vegbygging i mange grender

Då utbygging av vegnettet tok til på slutten av 1800-åra med fylkes- og bygdevegar mellom by og land og vegar frå grend til grend, vart det eit stort omskifte i landet – særleg når bilane gjorde sitt inntog og alle bygder og grender bad om å få vegar. Grender langt til fjells ville få veg til sjøs, og ein naturleg kombinasjon av sjø- og landtransport gjorde sambandet lettare. Riksvegane som skulle knyta landsdelane saman, vart også lagde slik at dei knytte grender og stader saman sjølv om vegen vart lengre. Ein fekk lange omvegar, og det kunne vera rett slik tilhøva var då. Verre er det når ein også i vår tid med moderne teknikk byggjer lange omvegar. Byvegen Samnanger-Bergen er godt døme på dette.

Å få veg til alle grender i Samnanger gjekk veldig smått, sjølv i 30-åra då folk ikkje fekk arbeid. Jamvel om dei arbeidde for 2 kr dagen, mona det lite med vegbygging. Folk teikna seg for dagsverk og arbeidde dugnad for å få vegar fram.

Då krigen slutta i 1945, var det i gang mange bygdeveganlegg her, kanskje 7-8. Jamvel tyske soldatar, som då var fangar, vart sett til vegarbeid. (Det vart vel helst mykje skrik og lite ull.)

Rolvsvåg i bakevja

I Rolvsvåg vanta alt av kommunal veg, lys og telefon. Men i 1947 vart det sett i gang båtrute/mjølkerute Solbjørg-Tysse for grendene Rolvsvåg, Utskot og Li. Det vart eit ombyte slik at me syntest å høyra til i Sabnong. Ruta gjekk to gonger for veka til i 1977.

Kommunal veg til Rolvsvågen var ikkje å tenkja på. (Det skulle då koma riksveg om Brekken.) I 1950 vart det bygt telefonlinje Trengereidfjord-Solbjørg, for det meste med dugnadsarbeid. I 1954-55 kom endeleg elektrisk straum til denne grenda som den siste i kommunen. Det gjekk seint i kraftkommunen Samnanger.

Skuleskipnaden var også elendig her. Det var no vorte sams skule med alle i ein klasse. Husa var elendig vedlikehaldne, det var ikkje vatn og plassen var mest som ei steinrøys, og det var lite val på undervisning. Siste åra før vegen kom, sette kommunen i gang ei livsfarleg båtrute til Utskot. Vêrhard som denne plassen er, måtte ungane hoppa frå båten i fart.

Fiske og fraktefart

Utover i 1950-åra var det ei stor utbygging i landet som skapte verksemder og arbeid for folk. Det var rikt fiske, særleg storsildfisket som skapte mange arbeidsplassar. Mest i kystkommunane, men også inne i fjordane, var folk med på både fiske og sildarbeid. Her i fjorden var det 4-5 aktive fiskebåtar der ungdom herifrå var med som mannskap, og at det var ei årviss og god innkoma for mange, er sikkert.

Og ikkje å gløyma tilverking av tønner og kassar som denne driftsgreina kravde så mykje av. Det skapte mykje arbeid – alt frå hogging av tømmer i skogen og transport til sjøs til fløyting og føring til sagbruk og skjering og tørking av materialar. Småsagbruk for dette var det i annakvar båtstø langs fjorden. Der det ikkje var vasskraft eller straum, dreiv dei sagene med oljemotorar.

Dette var ei naturleg, miljøvenleg næringsgrein bygd på eigne, fornybare ressursar med skog og vatn og eiga arbeidskraft. Med andre ord var det ei berekraftig utvikling i stort omfang. Føringsbåtane måtte òg føra mange laster tømmer frå andre bygder til denne småindustrien. Men det tok diverre nesten heilt slutt då plastindustrien overtok, og folk måtte gå over til å verta pendlarar lange vegar til arbeidsplassen.

Denne sjøbaserte verksemda kan gjerne reknast som framhald av seglskutetida før vår tid for 100-200 år sidan då det fanst mange, dugande nordlandsskipperar langs Samnangerfjorden. Det å driva denne seilassen langs den vêrharde norskekysten i dei dagar, måtte krevja ein uvanleg sjømannskap. Ein må hugsa at dei var heilt avhengige av vêr- og vindforhold.

Det var det rike skreifisket frå Nordland/Lofoten, ja, heilt til Finnmark, som skapte denne sterke næringsgreina. Tørr- og klippfisker var eit særleg etterspurt produkt i heile Europa, ja, vidare med. Å tilverka og foredla denne viktige fisken er ei næringsgrein som det står og har stått stor respekt av i lange tider. Det er eit matprodukt utan sidestykke.

Fisket vart så grunnlaget for stor handelsverksemd like til det store utland. Det vart også grunnlag for mange byar langs kysten som t.d. Kristiansund, Ålesund og Svolvær – og kanskje ikkje minst Bergen. Det var der storgrossistane som handla med utlandet heldt til.

Sjølvsagt måtte dette føra til stor fraktefart langs kysten. Men at det langs strendene òg i den trange Samnangerfjorden skulle verta så mange jekteskipperar, er mest ikkje til å forstå. Diverre er nok altfor mykje av dette gått i gløymeboka, men nokre minne er vel att. Dei var ikkje berre dyktige sjømenn. Dei var sikkert òg smarte handelsmenn som måtte ha godt vit på både fisk og anna som dei førde i denne farten. Dei hadde også samband og kompaniskap med yrkesbrør i andre bygder, m.a. veit eg at Mons Kleppe var mykje i lag med Gabriel Røttingen ytst i Øyane i Os.

At dei sigla seg til velstand, viser fleire gilde bygningar som enno står – reine stasus for den tid. Eg nemner: Lars Hansen budde på bruk 2 på Solbjørg. Frå plassen Skiftesvik på Solbjørg kom brørne Nilsen, Torbjørn og Nils, som dreiv som jekteskipperar i nordlandsfarten. Kjøpmann Hans Solberg på Tysse er også bror deira.

På gardane Trengereid og Kleppe budde òg jekteskipperar som dreiv nordlandsfart. Me kan tenkja oss for eit flott syn det må ha vore når dei høgrigga skutene drog ut eller inn fjorden for fulle segl.

Damp og motor tek over

I andre halvdel av 1800-åra kom dampskip som meir og meir tok over for seglskutene, særleg til langfart og varetransport over havstykke langs

kysten. Men i fiskeflåten, både storsildfisket om vinteren og brislingfisket om sumaren og hausten, måtte dei nok nytta segl og handemakt lenge; ja, like til etter første verdskrigen heitte det ”å ro vintrafiske”. Først då oljemotorane kom først i 1900-åra vart det lettare med roslitet.

Ein kan vel i dag snauvt tenkja seg kva vanskar og slit det var å ro med tunge gavlbåtar og sildenøter i allslags vintervêr langs kysten og mest på opne havet. Men ein veit det var mykje av livsgrunnlaget for vestlendingane. Med motorkraft kom snurpefiske og betre sjansar for storfangst. Mange langs kysten vart rikingar av sildefangsten, kan henda og inn i fjordane, jamvel i Samnangerfjorden. Det var i alle høve ei stor næringsgrein.

Det var òg i denne tida at dampbåtane tok til med ruter frå Bergen og til bygder langs fjordane her, noko som endra mykje for folket i desse distrikta. Det vart meir byte og handel mellom folk. Med andre ord vart det slutt på det gamle naturalhushaldet.

Der rutebåtane hadde stopp langs fjorden, kunne det vera at båten stogga og at robåtar tok mot varer, passasjerar og post. Ein slik stopp var Utskot. Men alt kring førre hundreårsskifte vart det bygt gode kaiar der rutebåtane kunne leggja til i allslags vêr. Rundt Samnangerfjorden vart det utbygt dampskipsekspedisjonar i Kalven, Gaupholm, Tysse, Haga, Ådland, Sagen og Solbjørg som fungerte til 1970. Då hadde biltransporten utkonkurrert denne transportmåten.

Den seige striden for veg

Åra etter andre verdskrigen var ei aktiv tid for å byggja landet, både for å få betre samband lokalt og sentralt og for å byggja ut elektrisiteten kringom til gard og grend. Rolvsvågen mangla alt, men endeleg kom telefon i 1951 og lys i 1954.

Med veg såg det mørkt ut. Det var under bygging veganlegg til nesten kvar gard i bygda, utan Rolvsvåggrenda. I 1950 var det på tale å snu det vesle anlegget Solbjørg-Fusa grense, men oppsitjarane nekta. Det førte til at Solbjørg fekk veg ti år seinare. Anlegget Rolvsvåg –Heiane hadde ikkje vorte aktuelt elles. Her må òg nemnast at bygda mellom Skiftesvik og Lønningdal høyrde til Fusa kommune, men at Fusa vel hadde nok med å prioritera heimlege vegar. Fram mot 1960-talet vart

«Strando» overteken av Os kommune

Åra gjekk. Det var fleire harde isvintrar så mjølkeruta vart hindra. Det hende fleire gonger at det vart drege mjølk på isen frå Rolvsvågen til Trengereidfjorden, og varer andre vegen (eit meiningslaust slit).

Å snakka om vegutløysing her, var som å stanga på fjellet. Vegplan kontra bygdevegbygging. Forsvaret var litt, men helst lite inne i biletet. Til og med atombombetrussel og evakuering av Bergen by med berre ein landverts heller skral veg, var framme.

I 1955 vart det prosjektert ei bygdeveglinje Trengereidfjord-Våga så rimeleg som mogeleg utan at det skjedde meir. For i 1956 var det linjeval for ny veg til Vaksdal med eit alternativ over Skulstad-Hisdal-Haugsdal som sjølv sagt fall.

Men fylket si vegnemnd gjekk denne sumaren på befaring av veglinja mot Haugsdalen saman med ordførarane frå Fana og Samnanger. Det vart då vedtak om at Haugdalslinja skulle byggjast før ei utbetring av den dårlege Tunesvegen. Det vart heller ikkje halde. Men ordførar i Fana, Kåre Meland som då var stortingsmann, fekk medhald i at om lag 3 km av Haugdalsvegen skulle staten byggja. Det var då så stor interesse for denne vegen i Fana at dei fekk inn anbud på å byggja heile vegstykket Hisdal-Haugsdal.

Åra gjekk, og folket her vart meir og meir utolmodige, for ingenting skjedde med vegbygging. Andre grender langs fjorden som Utskot og Kvernes byrja å få utløysing, medan ein her måtte bala i strenge vintrar. 1956 og -57 var slike, så det såg mørkt ut, syntest folk. Me nekta å betala skatt, isolert som det var. Det vart vitsa om at "M/S Midthordland" klarte ikkje å bryta opp isen i Hovdasundet for det la seg store smørklattar på propellen av all mjølka dei måtte slå på sjøen (!), vart det sagt.

Dette kom fylkesmann Mons Lid for øyra. "De slår da ikke ut melken," sa han. Han måtte difor ta affære. Noko måtte gjerast. I påvente av løysing på riksvegspørsmål måtte ein kunna byggja noko veg lokalt i Rolvsvågkrinsen.

Forsiktig start på bygdeveg

I 1959 vart det befaring av to ingeniørar frå vegkontoret pluss ordførar og ein til frå Samnanger kommune og to frå krinsen for å finna

ei løysing på linjeval og tilknytning til framtidig hovudveg. Såleis vart bygdeveganlegget Rolvsvåg-Heiane oppteke, og kom etter mykje om og men i gang. Jonsok i 1962 gjekk første salva i Hildersvika-Storåsen. Meiningslaust, meinte mange både inne i bygda og her ("ei skreddarur i det blå"), utan nok vegutløysing elles.

Men noko er betre enn ingenting, seiest det. Slik også her. Anlegget vart i 1964 oppteke som fylkesveg og var i drift til 1967 med små løyvingar og litt sysselsetjingsarbeid vinterstid. Tungvint drift, då maskiner og utstyr måtte koma sjøvegen, og det vart bygt anleggskai i 1963 (noko kommunen var imot).

Trass alt vart det bygt om lag 2 km grusa veg ferdig planert, noko oppsprengt, og det vart bygt tre betongbruer – brukara i Sandelva er 7-8 m høge. Så det vart då framkomeleg gardane imellom.

Nye riksvegplanar

1967 var året då vegstyresmaktene arbeidde ut planar for å få ny stamveg til Voss og vidare til Sogn. Då måtte også hovudvegen ut frå Bergen fastleggjast. Og sjeldan har vel vegplanar og alternativ vore så nøye saumfarne som det vart gjort i "Hovedplan for vegar Bergen mot Aust". Det stod om tre ulike alternativ for å koma seg forbi Gullfjellet. Alternativ 1: Tunes-Trengereid. Alternativ 2: Haukeland-Hisdal, altså rett gjennom Gullfjellet, men likevel opp i ei høgd på 400 moh. Alternativ 3: Hisdal-Haugsdal med høgd 180 moh. Kostpris og lengd varierte sjølvsagt i dei ulike alternativa etter kva klasse vegstandard ein ville ha og korleis vegane fram til Bergen sentrum måtte koma.

Haugsdalslinja var langt den billegaste. Om det var for å likestillta alternativa i pris, er uvisst, men denne linja vart trekt heilt til Fanafjorden og Rådalen. Såleis vart ho mykje lengre enn ei direkte linje frå Haugsdal direkte til byen.

Etter vurdering i ymse instansar vart sjølvsagt Tunes-Trengereid vald. Det var då veg til Voss og Sogn som no måtte fram, så bygging av ny veg der starta straks.

Men kva så med hardangerveg? Rolvsvågen var no også lova vegutløysing med ny riksveg. Også i Fana var dei så interesserte i veg over Haugsdalen at Fana kommune saman med andre interesserte fekk utarbeidd pristilbod på alternativet Hisdal-Haugsdal.



Foto frå 1962, då veganlegget Rolvsvåg-Heiane starta. Til høgre i biletet ser me at sprenging og utfylling er i gang.



Foto frå 1964. Husa til høgre er Østvika, medan husa til venstre er Hatlevika (der artikkelforfattaren bur). Vegarbeidet opp brekka har starta.



Isbrytaren "Salvator" i arbeid på Samnangerfjorden vinteren 1969.

Isolert av islagd fjord

1969 vart den hardaste isvinteren me opplevde. Heile fjorden fraus til i slutten av januar, så grenda vår vart heilt isolert. Både mjølkeruta og midthordlandsbåtane måtte innstilla rutene. Kommunen leigde isbrytaren "Salvator" for å opna ei muleg løysing: Gamle "Avanse", som Engel Nygård då dreiv, skulle prøva å halda open råk mellom Utskot og anleggskaien på Hildersvikneset og såleis halda eit samband til krinsen. Slik kunne folk få varer og nokre fekk levert mjølk. Men krinsen er lang, veit me, og veg var det berre ut til skulehuset. Så det vart ei vanskeleg tid for alle som opplevde denne isvinteren, som varde like til ut i april.

Det var samanhengande knallfrost veke etter veke, så det vart stritt



“Salvator” bryt seg fram til Mjelkebåten i Østvika.



Klara Lid i ferd med å kryssa fjorden til fots frå Utskot.

for gamle ”Avanse”. Ho sprang lekk og måtte setjast på land ved Utskot. Så grenda var heilt isolert i fleire veker til slutten på mars månad då ”M/S Midthordland” klarte å koma seg inn fjorden – visstnok til Gaupholm. Mjølkeruta kom ikkje i gang att før etter påske ut i april. Så folk kom nokolunde heilskinna gjennom denne gongen også.

Men eit gamalt ordtak seier at ”når nauda er størst, er hjelpa nærast”. Såleis vart det også her. For det spurdest no at det skulle planleggjast og byggjast veg frå Trengereidfjorden til Heiane, ca. 3 km. Vegen skulle byggjast i riksvegklasse som framtidig hardangerveg. Heiane ligg om lag der vegen i dag går ned til Sagen. Derifrå vart det detalj-planlagt veg til Haugsdal.

Endeleg losna det

Mange var veldig spente på kva som no skulle skje. Ville det endeleg verta vegutløysing etter så mange vonbrot og utsetjing gong etter gong?

Men endeleg kring jonsok 1969 starta arbeidet med utarbeiding av plan, stikking og linjeval, som for så vidt var klarlagt i den store hovudplanen Bergen-mot aust. Det vart teke flyfoto og fastlagt kvar linja skulle gå. Signalmerka står enno og viser kvar linja mot Haugsdalen går.

Det var planleggingssjef G.F.V. Krogh som var leiar for planarbeidet medan K. Ordemann hadde arbeidet i marka. Han var tilsett hos Kaspar Trumpy, overingeniør i Bro- og Tunnelselskapet i Bergen. Han var også med på linjevalet sidan han var veldig interessert i Haugsdalslinja. ”Ein skandale at den ikkje vart bygd,” sa han.

Samnanger kommune kom også med eit linjealternativ (ved kommuneingeniøren). Det vart først vurdert, men det måtte vel ha ført til tunnel langs heile Sagavatnet. ”Så dette går ikke, herr kommuneingeniør,” sa ing. Krogh. Etter befaring og litt om og men eit par dagar kom ein fram til linjeføringa som vegen har i dag. Men vegen var tenkt å byggjast vidare både mot Haugsdalen og med ei omlegging av Trengereidfjordsvegen, så kommuneingeniøren fekk pålegg om at det ikkje måtte byggjast hus i traseen.

Planarbeidet tok si tid. Det skulle byggjast i motorvegstandard med mellom 10 og 12 m planeringsbreidd. Opptil fire mann her frå bygda var òg med på dette stikkingsarbeidet, som varde omtrent samanhengande

til i desember då det byrja å koma anleggsutstyr her til.

Straks i januar 1970 starta sprengingsarbeidet med fire sprengingslag. Så det vart oppsprengt til Hatleflåten første vinteren. Men det var denne gongen som det plar vera: lite pengar i kassen. Så i 1971 vart ingenting gjort. Røysane vart liggjanade. Men så i hausten 1972 starta anlegget på nytt, og no vart det samanhengande drift til det vart kjørande veg til Rolvsvåg skulehus hausten 1973 (og ikkje skule der sidan).

Siste stubben

Det vart ei ny tid for grenda då ein kunne kjøra bil nett kvar ein ville hen. Men det var eit men, for det stod att fleire kilometer veg å byggja før heile krinsen var utløyst til Solbjørg. Kvifor det stogga også denne gongen, er for meg heilt uvisst. Anlegget Rolvsvåg-Heiane var planlagt og stukke fram til vegstubben Solbjørg-Fusa grense, tidlegare nemnt som naudsarbeid. Det måtte likevel eit heilt rabalder til for å få bygt det siste stykket veg før heile krinsen var utløyst. Og det gjekk endå fem år før vegen var framme til ytste garden i bygda.

I desse åra var det også sett i gang vegbygging på Bogstrand. Så det vart vegopning på grensa mellom Os og Samnanger i september 1983 med vegsjef, fylkesmann, representantar for fylkesvegnernemnd, Os og Samnanger kommunestyre, oppsitjarar o.a., og tilskiping på Bjørkheim. Vel på høg tid med samanhengande veg rundt Bergenshalvøya, om lag åtti år etter prosjektet Hisdal-Lønningdal kom på vegplanen.

Krigsåra 1939 - 1945 - slik Rolvsvåggrenda opplevde dei

Av Johannes Lid

Det hadde vore fred i om lag tjue år sidan første verdskrigen var slutt i 1918. Eg hugsar frå historietimane i mi skuletid i 30-åra at læraren fortalde om hat og misnøye mellom nasjonane i Europa etter storkrigen, og korleis Tyskland rusta opp. Både Tyskland og Frankrike bygde svære festningslinjer på grensa mot einannan. ”Så kanskje det smell der aust ein dag,” sa læraren.

Solskinnstur med mørke skuggar

Me skriv så 1939, og det var så mykje krav og strid mellom desse partane at alle berre frykta krigsutbrot. Eg vil då ta med nett korleis eg og nokre med meg opplevde denne ulukkesdagen:

Det var ein fin og varm haust dette året, og teikna til eit særst godt fruktår. Men her omkring var det ikkje mange som hadde særleg med frukt. Det var difor ofte at folk reiste til Hardanger etter det. Slik også med oss nokre ungdomar her, me bestemte ein søndagstur den 1. september. Me ville også sjå den nye Fykkesundbrua – eit stort vidunder i dei dagar.

Det var ein fin solskinsmorgon me starta med rotur frå Rolvsvågen om lag ti ungdomar. Me hadde tinga bil frå Sandvik til å kjøra oss (trur det var Peder Totland som kjørte). Det var ikkje så vanleg med lystturar då, og for meg var det første tur til Hardanger. Det teikna til å bli alle tiders tur i finvêret, men det var likevel visse skyer på himmelen.

Då me var komne til Øystese, kom det brått ein mann springande, veifta med armane og stogga oss. Det viste seg å vera lensmannen, som opplyste at all privat bilkjøring var forbode fordi storkrigen var broten ut med bensinrasjonering frå dag ein. Så her stod me. Men etter ei stund fekk me greie på at det gjekk bussrute til Ålvik og attende. Så

me i reisefølgjet tok buss fram og tilbake til Fykkesundbrua og fekk oppleva vidunderet. Dei kunne ikkje nekta oss å kjøra heim att med bilen vår, og alle fekk handla eple på ein fruktgard på Nes.

Så det var den fine turen – med noko attåt.

Veksande uro

Utetter hausten dette første krigsåret var det ikkje så mykje me merka til forandring. Det vart rasjonering med utdeling av kort på ymse varer, og vernepliktige ungdomar måtte på nøytralitetsvakt. Elles gjekk tida som normalt. Folk gjekk til sitt arbeid med dyrestell og det som måtte gjerast på gardane. Skoghogst og småindustri var vanlegaste næringsvegen her, og så fiske, då. Tur på islandsfiske etter den fine islandssilda var vanleg om haustane, men eg veit ikkje om at det vart utrusta bruk herfrå bygda til dette fisket.

Nei, ein merka ikkje mykje til storkrigen som var sett i gang ute i Europa her på våre kantar denne første krigsvinteren. Men det gjekk ikkje lang tid før det spurdest om torpedering av handelsskip – også norske -, og at sjøfolk sette livet til. Og så fekk me vinterkrigen i Finland. Den store Sovjetunionen (Russland) gjekk til åtak på vesle Finland, som beit godt frå seg og hadde all sympati. Mange norske reiste frivillig for å hjelpa Finland, som nok måtte gje opp for overmakta og godta harde krav frå den store naboen.

Året 1940 byrja med heller kaldt vintervêr som heldt fram like til våren var ventande. Jamvel i april låg det til dels mykje snø på markene og is på vatna. Ifrå utverda frette ein meir og meir om krigshendingar, særleg til sjøs. Stormaktene dreiv elles mest fektning og spionasje mot einannan. Det var som ei spenning i lufta. Folk var urolege for kva som kom til å henda.

Noreg vert hærteke

Me skriv første veka i april 1940. Etter den harde vinteren byrja folk å lengta etter vår, men også her på våre heimtrakter låg det snø like til sjøs og is på alle vatna. Om det var linnvêr innimellom, var det liksom vinteren ikkje ville sleppa taket. Rolvsvågstranda var utan kommunikasjon som telefon og vegsamband med omverda. Post fekk me berre eit par gonger i veka, og radio var det berre hos einskilde

familiar. Det var difor ikkje alt som hende ute i verda både innanlands og utanlands som ein fekk innsyn i, men rykte både kom og gjekk om krigshandlingar, torpedering, minelegging osv. Det var tydeleg at dei krigførande, store nasjonane var interesserte i Noreg.

Tidleg om morgonen den 9. april kom far heim etter å ha vore og trekt garn og snakka med naboar som kunne fortelja at store styrkar tyske soldatar var gått i land i byane, både i Oslo og Bergen. Me hadde ikkje radio heime, men hjå næraste grannen var det batteriapparat slik at dei kunne følgja litt med.

Det vart ein dag og ei tid som me aldri gløymer, sjølv om me ikkje såg krigshendingar. Rykte kom om både sant og usant. Eg hugsar det vart fortalt at i gatene i byd'n gjekk tyske soldatar med granatar i støvlane som dei berre heiv kring seg. Omkring i heimane var folk ottesame for at det ikkje vart mat å få kjøpt hos handelsmennene. Dei fleste var vel ikkje budde på dette, men å hamstra no, var nyttelaust.

Krig og kaos

Det heile var nærast kaotisk. Konge og regjering måtte som kjent flykta framfor nasane på tyskarane. Frå høgaste hald gjekk det ut ordre om full mobilisering, men korleis skulle det ordnast? Av militærplassane Ulven og Voss fall Ulven straks slik at dei vernepliktige måtte ta seg fram som best dei kunne. Motstandshæren skulle organiserast på Voss. Det vart ei flukt med tyskarar i hælane og bombefly i lufta.

Det vart ei tid då alt syntes snudd opp-ned. Folk visste lite kva dei skulle gjera, endå mindre kva framtida ville bringa. Mange var ottesame for store krigshandlingar og kvar dei kunne koma. Me bur som kjent nokså nær Bergen by, som vel kunne vera strategisk viktig for dei krigførande.

Dagleg såg me krigsfly som vel var ute for å bomba viktige mål. Det norske forsvaret skulle prøva å forsvara landet lenger inne, som til dømes ved å samla dei vernepliktige på Voss. Eg hugsar det kom fleire følgje med vernepliktige frå bergenskanten som på ymse vis skulle ta seg fram til vossetraktene. Også mange andre flykta ut frå byområda. No vart den gamle ferdslvegen frå Fana og om Brekken god å ha, for på hovudvegane ut frå byen var det streng kontroll.

Me såg også tyske krigsskip i fjorden, og Samnangerfjorden vart

stengd med minebelte i Hovdasundet. Det var tydeleg at tyskarane var redde for åtak av allierte, og at dette distriktet var strategisk viktig. Denne minelegginga var også årsak til at ein kjend og kjær innbyggjar her på Stranda kom bort – noko som gjorde sterkt inntrykk her som alle kjenner alle og kvar einskild er nabo og ven. Elles veit me at motorskøyta ”Gullfjell”, som hørte til her ute i fjorden, førte norske militære og utstyr framfor nasen på tyskarane, som fort kom og stasjonerte seg i sentrum av bygda vår.

Som me veit, varde ikkje kampene mellom norske militære og den tyske overmaka lenge. Den næraste kamphandlinga var vel trefninga ved Fossen bratte. Me hørte mitraljøseskjyting heilt ut til Rolvsvågen.

Alle tykte det var leitt at me vart hærtekne så lett. Men i ettertid kan me vel seia at det var best det gjekk som det gjorde. Meir og lenger motstandskrig ville berre ført til større tap av liv og eigedom. Noreg hadde likevel ingen sjanse mot stormakta Tyskland.

Vinteren 1939-40 var kald og med mykje snø, så då tyskarane gjekk til åtak på Noreg 9. april 1940 var landet snødekt, og heilt ubudd på krig. Det var då stormaktene som dreiv med slikt, trudde folk flest. Så desse aprildagane var kaotiske. Rykte gjekk om krigshandlingar i byar og distrikt, og folk venta berre på at stormaktene skulle koma Noreg til hjelp. Vesle landet vårt kunne umogeleg klara seg når verdas sterkaste hærmakt plutseleg stod i landet. Det var også forsøk av engelske og franske troppar på å gå i land for å driva fienden ut, men det var ikkje enkelt. Kanskje også bra for Noreg med tanke på øydelegging.

Kamp for levemåten

Så, etter eit par urolege månader, var krigshandlingane i landet over, og me var heilt under tysk herredøme med alle dei påbod og lovpåbod som vart pålagt. Passkontroll og streng rasjonering vart innført momentant. Men det var snart slik mangel på varer at rasjoneringskort hjalp lite. Det som var å få, var av langt dårlegare kvalitet, både av mat og av skor og klede. Mange slag varer og andre ting forsvann heilt i handelen. Varebyte og svartebørs kom i gang om det var aldri så ulovleg. Mykje føregjekk til allslags pris, jamvel pengane vart til surrogat-erstatning. Me hugsar papirsetlane ”quisling” og ”usling” som kom i staden for dei fine, blanke, gamle kronestykka me hadde før.

Det vart kamp for levemåten både i bygd og by med pålegg om matauk på alle gardar. Folk måtte til med grev og spade, rein handemakt, for å dyrka poteter og grønsaker. Jamvel litt korn vart sådd og hausta på smågardane her. Kvar ein mosegrodd grasvoll kringom – gjerne på gamle husmannsplassar – vart omsnudd til åker for å gje litt til føda. Det er rart når svolt og naud driv ein. På garden Våga hadde onklane mine også tobakksplantar innimellom andre nyttevekstar.

Men det var kontroll på kor mykje ein kunne hausta og kva ein måtte ha for eigne familliar. Dette var for å kontrollera at ein ikkje leverte til folk som låg i dekning for tyskarane. Men folk klarte å dyrka fram poteter i ville skogen, bak brakje og andre skogsvekstar.

Heldigvis var fiske i fjordar og hav ei stor matkjelde. Utan sild og poteter hadde vel mange bukka under heromkring. Frå husdyra fekk ein mjølk, smør og prim. Kjøt og ull og litt skinn vart også tilverka, men spøtasokkar og treskor var det nok som berga fottøyet heromkring.

Avstengd og bortgøymd

For oss som opplevde okkupasjonsåra her på Rolvsvågstranda, sit denne tida i minnet som nesten uverkeleg samanlikna med tida no, både når det gjeld levemåte, kommunikasjon og økonomisk. Når ein tenkjer på at her vanta både bilveg, telefon og elektrisk kraft – samanlikna med kringliggjande bygder – var det eit lukka og bortgøymt samfunn. Jamvel radio, som ikkje alle hadde, var inndrege av Wehrmacht.

Men folk var opptekne med sitt: småindustri som kasseproduksjon og treskograving, og å henta vyrke frå skogen til ymse materialar, til husvøla, ved og anna. Eit yrke var å smia hatleband til tynner. Sjølve tynneproduksjonen var det lite av. Å laga tynner med berre handemakt var for tungvint. Men her vart skore mykje tynnestav på vassagene som gjekk for fullt heile vårtida. Timeløna for vanleg arbeid var berre nokre øre. I 30-åra var ei dagløn nede i 2 kroner.

Kommunikasjon med omverda var rutebåt frå Bergen to gonger i veka med post og det vesle som var å få på rasjoneringskort: svart bakemjøl og 200 gram sukker + kaffierstatning, då. Berre småborn og sjuke fekk kveitemjøl. Handelsmannen her var på Solbjørg, der

rutebåten stogga. Båten hadde òg stopp på Sagen, mest for levering av sild- og fiskekassar m.m. Skulle ein ærend til bygdesenteret Tysse eller andre stader, måtte ein sigla, ro eller gå. Her fanst motorbåtar og skøyter som frakta ymse i fjorden, slike som ”Avanse 3”, men ferdsla vart begrensa av mangelen på drivstoff.

Etterkvart som krigsåra gjekk og folket kjende åket av okkupasjonsmakta, voks motstandsørsla fram. Og at avstengde Rolvsvåg tidleg vart tilhald for Milorg og andre som måtte leva i dekning, var vel ikkje urimeleg. Og at det kunne gå så pass bra som det gjorde, kjem vel òg av at her ikkje fanst tilhengarar av NS eller sympatisørar. Wehrmacht hadde ikkje basar eller festningsanlegg her. Det hende nok at tyske soldatar kom på utfart, kanskje for å undersøkje. Det var ikkje lett å koma hertil landvegs, men det hende at skipatruljar kom når mark og vatn var tilisa og med djup snø. Soldatane kom gjerne og ville bytehandla litt, til dømes brød og tobakk mot mjølk og anna etande. Dei låg vel på hard rasjonering, dei òg.

Dei illegale

Utover i dei første krigsåra var det heller dystre utsikter for dei allierte slik krigshandlingane utvikla seg. Den tyske hæren gjekk fram på alle frontar. På Austfronten var den tyske hæren komen like til sentrale deler av det store, russiske riket. Det var nok her den hardaste striden vart utkjempa, jamvel mange norske frontkjempingar var med på tysk side. Det var spennande tider med mykje rykte og krigspropaganda.

Her i kommunen var det helst roleg, jamvel om store hærstyrkar var plasserte i dei tyske krigsleirane. Samnanger var visstnok strategisk viktig, slik det såg ut. Men her på Rolvsvågstranda var det nokså stilt. Ikkje såg ein tyskarar, og ikkje vart det bygt festningsverk eller andre tyske anlegg. Rolvsvågen var utkanten framfor nokon. Her fanst inga offentleg utbygging utanom skulehuset og lærarbustaden. Som næraste nabo låg heimen til Anna og Nils Rolvsvåg, og det var her det kom til å henda ymse illegalt frametter.

Folk her på land levde som dei hadde gjort. Kvar hadde nok med sitt og å skaffa mat og det mest nødvendige i desse naudsåra. Strendene langs Samnangerfjorden var som kjent heilt utan veg, utanom veg til Sandvik på andre sida av fjorden. Området frå Trengereidfjord til Løn-

ningdal, også kalt "Skøltastrannæ", var nok mest ideelt for å gøyma seg vekk for dei som kom i søkjelys for eit eller anna i denne urolege tida det no var.

Me levde i eit hærteke land. Hovudfienden tyskarane var forhatt av alle, men ein kunne ikkje føla seg heilt trygg for spionar og sympatisørar. Så det var best å passa kjeften, iallfall om ein trefte framande. Eg trur også at det var nett det som berga den illegale verksemda som føregjekk like til krigens slutt. At noko føregjekk som ikkje toldest av dei som då styrte, var klart for dei fleste. Og me veit kor strengt det vart reagert: "Skutt blir den som går i fiendens tjeneste."

Motstandsørsl

Mediabiletet var snudd heilt opp-ned. Alle radioar var inndregne, og avisene måtte skriva det som Wehrmacht bestemte. Men i det skjulte voks det fram ei motstandsørsl mellom folk. Dei ville ikkje finna seg i å verta heilt undertrykte.

Motstandsørsla voks fram på fleire vis, og alt måtte føregå heilt i det skjulte. Men så var det dette med å vera lausmunna. Det var ikkje enkelt å passa kjeften. Det skulle nok bli ymse vanskar.

Den første motstandsorganisasjonen som vart oppretta i områda kring Bergen, var vel Stein-org. Som me veit vart han oppdaga av tyskarane alt vinteren 1941-42. Den kjende organisatoren P. Furubotn, som mellom anna fekk mange osingar med her, måtte på sjukehus, og då vart han oppdaga av ein tyskar. Haldor Øvredal, som hadde hatt kontakt med desse, måtte gå i dekning med ein gong. Så frå januar 1943 og resten av krigen var han i skjul hos skyldfolket Anna og Nils i Rolvsvågen. Det vart opptakten til Milorg-verksemda som voks fram her.

Gøymestaden Botnahytta

Frå gamalt av var det eit nært samband og slektstilhøve mellom Øvredalen og Rolvsvåg. Bror til Haldor, Fredrik Øvredal, hadde rett før krigen bygt den seinare så vidgjetne Botnahytta om lag midtvegs på den gamle fjellovergangen mellom desse gardane. Ho ligg på Solbjørg eigedom, fint plassert mellom vatna i denne fjelldalen.

Her vart det i krigsåra mange særmerkte hendingar, mellom anna

då det kanadiske flyet måtte naudlanda nær skulen på Haugland i Os. Staden låg nett mellom den tyske forlegninga på Ulven og vaktpostane i Bjørnefjorden. Likevel klarte lokale folk midt på føremiddagen å losa flygarane, som heldigvis var uskadde, til sjøs – visstnok i Vargavågen – og få dei gøynde i eit nothus til kvelden kom. Då vart dei losa med båt til Lønningdal og vidare til Øvredalen, over Bayeskaret og til Botna- hytta der dei var skjulte i fleire dagar. Seinare vart det ei vidløftig sjøreis i motorbåt langs Bjørnefjorden og vidare til møte med Shetlands-Larsen og ”Vigra”. Denne historia kan lesast i «Nød-landing» skriven av Arnfinn Haga.

Det fortelst at dei kalla Botnane for Little Canada. Dei skal òg vera det einaste flymannskapet som vart nedskote der alle vart berga. Det har vore deltakarar frå mannskapet attende her lenge etter krigen. Denne tronge, vesle bua vart gøymestaden for mange rømlingar like fram til krigens slutt.

Mangel og matauk

Korleis livet arta seg for folk flest desse krigsåra i grendene her, kan vel vanskeleg skildrast heilt. Attåt at vintrane var svært kalde og gjorde tilveret vanskelegare for mange, var det mangel på alt. Skor og klede vart rasjonert med ein gong, men rasjoneringskorta hjelpte lite då det var nesten tomt i alle butikkar.

Likevel var vel matmangelen verst. Så då kom dei små jordbruka vel med, og utan tvil var det nok det som berga folk når det røynde mest. På kvar einaste buplass var det litt dyrehald, om ikkje anna enn nokre kaninar. Kvar einaste jordfleck på smågardane vart utnytta til matauk. Produkta var poteter – først og fremst – pluss litt grønsaker, og så mjølk og kjøt som særst viktige. Kor mange kyr var det i bygda då? Korleis ville dette gått i dag under liknande tilhøve?

Så ikkje å forgløyma fisk og sild. Menyen var poteter og sild ein dag, og sild og poteter dagane elles! Det velsigna med denne silda var at ho kunne varierast så mykje. Som fersk var ho steikesild og kokt sild, så spekesild, røykjesild, solsild, sursild og sildekaker. Kryddersild var vel sjeldnare sidan krydder ikkje var å få.

Flyktningar

Dette var litt om levemåten for dei vanlege huslydane i denne tida. Verre kunne det verta når det kom flyktningar som hos Anna og Nils Rolvsvåg. Der auka det etterkvart med flyktningar. Av Furubotn sin familie hadde dei mor og dotter (under dekknamna Linken og Meiken), som budde her i fleire år, og sameleis to brørne Dyngeland, samt at det var stor gjennomgang av folk som var på flukt.

Brørne Bogevik, Anders, Karl, Hans og Johannes på Søbakkjen, hadde ein liten klinkbygd motorbåt med kahytt framme, styrehus bak og 7 Hk bensinmotor som gjekk mykje som skyssbåt langs denne veglause stranda. Og då det auka på med slik illegal verksemd, fekk dei mykje å gjera. Bensin til drivstoff var svært vanskeleg å få, men litt solar til fiskebruk var einaste løysing. Motoren gjekk, men pluggen vart sota. Med ei bøtte over eksosrøyret gjekk båten nesten lydlaust og var ikkje god å oppdaga i mørke haustkveldar.

Gøymde våpen og folk

Utover i siste krigsåra vart det meir og meir klart at Tyskland kom til å tapa storkrigen. Men kva ville skje i Noreg? Ville det verta invasjon?


Verksemda til Heimefronten auka på. Nordsjøfarten som hadde vore i alle krigsåra, vart dette siste året meir aktiv. Dei norske styresmaktene i London hadde bestemt at det skulle opprettast militærbasar kring i Noreg – i alt fem: Orm, Varg, Elg, Bjørn West og Bjørn East. Det var stor uvisse korleis slutten på okkupasjonen ville verta, men store mengder krigsutstyr var frakta til norskekysten og måtte gøymast. Det vart såleis frakta våpen og ammunisjon til Rolvsvågmarka vestom Storavatnet for lagring – ein ikkje enkel transport.

Det var fiskeskøyta ”Lille Laila” frå Røttingen (Søre Øyane i Os) som førte utstyret frå kysten og dertil. Forbi dei tyske basane i Bjørnefjorden måtte det gjerast enklare i nattmørke med slep av opne båtar fram til lendingsplassen Ålasteinen (på grensa mellom Solbjørg og Rolvsvåg), vidare bering opp til Rolvsvågvatnet og føring med båt over vatnet. Dette var arbeidet til heimefrontfolk frå Os.

På Lønningdal var ein møbelfabrikk som var i drift til etter krigen, og folk frå Midtseter og dalane Øvredal, Lønningdal og Hegglandsdal arbeidde her. Fleire av dei var aktive heimefrontsoldatar som måtte

gå i dekning denne vinteren. Såleis var det gøymestader kring fjorden som til dømes i Hope, Ervik, Li og Trengereid. Frå fusabygdene var òg mange aktive i denne motstandsørsla. Jamvel lensmann Warhus i Fusa var med og ordna transport mellom dei ymse forlegningane. Hans Bogevik fortel om at dei førte poteter og anna frå Lønningdal og kringom der folk var stasjonerte. Ein mørk kveld dei kom med varer til Hopskaien var det mykje folk der. ”Har de nåke, må de bere koma med da,” sa Warhusen.

Det var hjå Anna og Nils i Rolvsvåg sentralen låg. Her var radiosamband heile tida. Men dei måtte vera varsame, så nær skulen og midt i krinsen som det var. Næraste nabo var far og bror til Anna (Nils-ane) på hovudbruket Rolvsvåg. På andre sida i Træet budde bror til Nils, Guttorm med familie, og i vilkårshuset Torgeir Rolvsvåg. Torgeir døydde i 1943 og der flytte inn nokre ukjende, som seinare var oppfatta



Anna Rolvsvåg gjorde saman med mannen Nils ein stor og risikofylt innsats under krigen. Foto: Samningen frå 1982.

som ikkje heilt pålitande. Guttorm hadde då åtvara Nils sterkt at denne illegale verksemda måtte dei slutta med.

Grønkledd på besøk

Vinteren 1944-45 var ei spennande tid. Når ville denne krigen endeleg ta slutt?

Her i Rolvsvågen hadde me sett lite til tyskarar, endå så mykje soldatar her var plassert i alle leirane i bygda – kanskje berre ein og to slike karar som var ute etter å handla litt, til dømes byta til seg litt skummamjølkk mot brød og liknande. Dei kunne koma både land- og sjøvegs. Om vinteren når Sagavatnet var is- og snølagt, hende det at små patruljar var på skitur.

Og så veit me om dei to tyskarane som ein fin vårdag hadde fått seg båt i Sandvik og kome seg heilt til Solbjørg. Det var fin bøl av nordavind, så det gjekk lett. Men tilbaketuren skulle bli verre, for då hadde dei fått påhengt ein liten slipestein i nagleholet – noko dei ikkje oppdaga. Dei sleit og rodde heile dagen, og kom no endeleg tilbake. Eigaren av båten trudde mest dei hadde øydelagt båten for han.

Men utpå ettervinteren i 1945 var det tydeleg at også tyskarane ottast at noko føregjekk i Rolvsvågen. Det var fleire utrykningar av militære styrkar. Heldigvis gjekk dei ikkje til fjells. Og etter at dei hadde snakka med Nils T. Rolvsvåg, måtte han ta snarvegen til Botnane og varsla om at det var rassia av tyskarar. Tyskarane snakka visstnok med mange på turen, for på tilbaketuren kunne dei fortelja om ein rar mann dei hadde møtt i Berget. Det var klart at det var Nils N. Rolvsvåg dei hadde treft, og han kunne nok fortelja gode jakthistorier og anna. Men ingen visste vel betre enn han kvar våpna låg lagra i reveurane. (Berget er gard nr. 2 bruk nr. 2 der Andreas Våga Rolvsvåg budde då.)

Matstrev for Heimefronten

Frametter denne siste krigsvinteren var det klart at noko føregjekk i områda kring ytste Samnangerfjorden. Men folk flest som budde her, lest som dei ikkje visste og snakka ikkje om det. Sentrum og stasjon for denne oppbygginga var nok heimen til Anna og Nils og sør i Botnane. Denne vesle hytta opp i villmarka kunne nok fortelja mykje.

Det var berre på slike avgøynde stader at det gjekk an å driva våpeninstruksjon og trening av soldatar. Soldatar som seinare deltok i Bjørn West-kampane fekk vel si trening her, men forsyning av mat og utstyr til dei som var stasjonerte her, var ikkje enkelt. Det var usentralt og svært tungvint å få fram, både varer og anna.

Det var likevel tre handelsmenn kring fjorden: i Hope (Kalven), på Solbjørg og Brigtsen på Gaupholm. Rutebåt skulle det vera ein gong i veka, men nett denne tida vart den gamle dampen "Fusa" senka av engelskmennene, slik at sambandet vart endå dårlegare. Skulle ein i det heile få fatt i det vesle som var på rasjoneringskorta, måtte ein møta opp når det ein sjeldan gong kom båt. Det var berre rutesamband av fiskebåt (vikar) no og då. Men desse handelsmennene gjorde sikkert ein stor innsats for å hjelpa til med forsyning av mat også til heimefrontsoldatane.

Å få til tuns i Rolvsvågen var no heller ikkje lett. Alt måtte berast på ryggen frå sjøen. Her som elles var det nok mest sild og poteter. Båten "Veslebriggen" førte nok mykje av det i desse tidene. Anna Hisdal fortel at dei sat heile dagane i gamlestova og steikte potetkaker, og måtte til fjells med bører også.

Ole Brigtsen, handelsmannen på Gaupholm, var også skulelærer i Rolvsvågen i krigsåra. Han hadde god kontakt med familiane i Rolvsvågen, og var såleis ein god støttespelar for Heimefronten både med å skaffa visse matvarer og anna. Det fortelst også at han visste veldig mykje nyheiter når han kom heim til Gaupholm frå Rolvsvågen med helgane.

Troppane samlar seg til siste kamp

I april dagane 1945 vart det ekstra stor verksemd i området Rolvsvåg, Botnane og Øvredalen i Os. Bernt Aspenes, som var systerson til Nils Rolvsvåg, var ein viktig sambands- og kontaktmann i dette arbeidet om han ikkje var med i Heimefront-styrkane som her heldt på og førebudde seg til militært oppdrag i Bjørn West. Dei hadde teke inn i den gamle ubebudde stova i Oladalen på Solbjørg. Det var sett opp væpna vakter fleire stader, og det vart transportert folk sjøvegs frå Fusa og andre stader. Om det då hadde kome nokon tysk inspeksjon her, kan

ein vel berre tenkja seg utfallet.

Det skulle no ordnast med transport av soldatar til krigen mot tyskarane i Matrefjella i Masfjorden. Det var eit sær sars vanskeleg oppdrag forbi tyske forlegningar, og slik at dei måtte ta seg fram utanom allfarveg nattestid. Kor mykje folk som skulle denne vegen, og kva rute som vart lagt, veit eg ikkje. "Veslebriggen" skulle ein mørk kveld skyssa ein gjeng til Trengereidfjorden, men ved Liodden vart dei varsla om å snu tilbake. Dei hadde nok sine sambandsmenn ute som såg når det var trygt å fara. Me veit det var stor tysk forlegning ved Beinavika/Grasdalen, men det hende òg at denne leiren ikkje var i bruk. Å passera dette området når tyske vaktstillingar var bemanna, var vel for risikofyllt.

Soldattroppen frå Rolvsvågen gav ikkje opp. Dei kom seg fram den lange vegen til Matrefjella og var med der Bjørn West-styrkane kjempa mot den tyske overmakta – visstnok siste slaget før fredsslutninga 7.-8. mai.

På det store Bjørn West-museet i Matre i Masfjorden er det lange namnelister over dei som deltok i krigen i Matrefjella i 1945. Her finst også namn på dei som var med i troppen frå Rolvsvågen desse aprildagane.

Ein som var viktig sambandsmann under desse troppesamlingane, og som organiserte transport, var Fredrik Øvredal. Han var ivrig skyttarlagsmann og med i motstandsørsla. Kva som gjorde at han bygde Botnahytta nett før krigen i det avstengde Botnane-området i Solbjørgmarka og ikkje i sine eigne heimetrakter i Øvredalen, der han budde all si tid? Ein skulle mest tru han såg inn i framtida kva som skulle skje. Staden vart i alle høve verdskjend.

Fredrik Øvredal fekk også æra av å avduka minnetavla ved Rolvsvåg skule over hendingane under krigen og innsatsen til Anna og Nils, 50 år etter freden i 1945. Han sa seinare at det var to store høgtidsstunder i livet hans. Den eine var då flagga gjekk til topps 8. mai 1945. Den andre var avdukinga av minnesteinen 27. juni 1995.

Krigsdeltakarar

Også her frå Rolvsvågkrinsen var det folk som var direkte med i krigshandlingar under den tyske invasjonen i 1940 og seinare i motstandsørsla, dei lange krigsåra 1940-45.

Andreas Solberg, var fødd i 1918. Han voks opp hjå bestefaren Torbjørn Pedersen Solberg som budde i Solbergtræet. Andreas gjekk skuleåra sine i Rolvsvåg skule. Han byrja i arbeidslivet som gardsdreng, seinare anleggsarbeidar. Han hadde vel nyleg hatt rekruttskule då krigen byrja i 1939 og han vart innkalt til nøytralitetsvakt. Han var stasjonert på Hellen festning nord for Bergen 9. april 1940 då det vart kamphandlingar. Tyskarane inntok ikkje festningen, men dei vart innestengde og utan mat ei heil tid til kapitulasjonen. Han sleit med vonde minne etter dette.

Seinare budde han i Bergen og var tilsett i vassverket. Men han og familien – kona og tre born – var flinke til å besøkja heimetraktene. Han bygde seg hytte i Våga og var her ofte så lenge han levde.

Alfred A. Myrland, son til Albert Myrland (sjå årboka til historielaget 2008), var fødd 1919. Han voks opp i Våga på den lune husmannsplassen Myri hjå foreldra Albert Aleksanderson Myrland og kona Anna. Dei var flytta til Rolvsvåg før krigen, og Alfred byrja som sjømann, først på skuleskipet ”Statsraad Lemkuhl” og seinare på islandsfiske. Han var visstnok i marinen og på vaktbåt 9. april 1940, og fekk ymse krigsoppleving då.

Hausten 1941 reiste Alfred illegalt til England. Familien fekk berre hemmeleg melding om at han var komen vel fram. Utpå sumaren 1945 kom han til Noreg att etter lang teneste i norsk og engelsk marine. Han hadde tenestebevis og diplom frå denne krigstenesta.

Etter han fekk familie og bygde hus i Os, vart det slutt med sjølivet. Han flytta og seinare til Tysnes og budde der til han døydde i 80-åra.

Tomas T. Solberg, var fødd i 1920. Han var eldst av syskenflokket på sju gutar, borna til Eli og Torgils Solberg. Alle desse borna voks opp og gjekk i skulen her, men alle reiste ut så snart dei var vaksne. Ingen vart buande i Samnanger, til liks med dei fleste ungdomane her i krinsen. Første åra etter krigen var reine depresjonen her.

Tomas kom med i Milorg ut i krigsåra og reiste til England. Visstnok var han med i Kompani Linge og kom med i avdelingane som overtok då Tyskland kapitulerte i 1945. Etter krigen dreiv han som bygningsmann. Han vart gift i 1949 og budde med familie på Nesttun.

Eg vil og nemna brørne Bernard og Even Fagerlid. Det var eit nært samband her med denne familien, då begge foreldra - Lars Våga og

Elisa Trengereid - kom frå denne sida av fjorden. Bernard Fagerlid, fødd 1909, budde i Fagerlia. Bernard var innkalla til nøytralitetsvakt før 9. april. Han vart med i hæravdelingane i Vossetraktene, og såleis med i striden til dei norske styrkane måtte leggja ned våpna i Sør-Noreg.

Even Fagerlid var fødd i 1914. Han var utdanna som styrmann og vart med som mannskap på motorskøyta "Blia". Båten byrja tidleg i illegal ferdsel til England. Som kjent gjekk "Blia" ned i Nordsjøen 15. november 1941, og alle omkom. Even var såleis mellom dei her frå bygda som gav sitt liv for fedrelandet.

Felemakaren

Johannes Bårdson Tveit

(1786-1847)

Av Ivar Bård Aadland

Eg veit ikkje om det var godvêr eller rått vestlandsvêr den dagen i 1830-åra då ein liten kar kom gåande over Skuggestranda langs Sørfjorden og tok til fjells ved Trengereid. Kanskje bar han på eit feleskrin sidan han hadde vore på spelferd til Bergen, men fjellvan som han var, gjekk han lett over Manndalen og vidare inn i Samnanger. Det var Torgeir Audgunson, den landskjende meisterspelemannen frå Vest-Telemark med tilnamnet Myllarguten. Han etla seg til Tveit for å møte ein annan meister, felemakaren Johannes Bårdson Tveit.

Eg skal fortelja litt om denne kjende felemakaren i bygda vår og om felene hans. Men først nokre ord om historia bak hardingfela.

Hardingfela vert rekna for nasjonalinstrumentet vårt. Og det kan det vera god grunn til sidan fela slik me kjenner henne i dag er utvikla i bygder her til lands, særleg i Hardanger og Telemark. Den eldste hardingfela me veit om, vart laga av lensmann Ola Jonson Ljåstad i Ullensvang. Fela ber årstalet 1651 – utan at det årstalet er heilt å lita på, meiner fagfolk. Men fela er så forseggjort, at ho må byggja på ein eldre felemakartradisjon. Ein slik tradisjon finst det ikkje sikre kjelder om, men eldre feleskrin som til dømes eit frå Voss med årstalet 1512, tyder på at det også har funnest feler lenge før 1651.

Det finst fleire teoriar om grunnlaget for hardingfela. Den eine går ut på at hardingfela er ei etterlikning av den klassiske fiolinen. Kanskje har kunnskapen kome til bergensområdet frå England/Skottland, der det var fleire fiolintypar med understrenger. Men det skal og vera gode grunnar til å tru at ho har utvikla seg samstundes med fiolinen frå eldre nordiske

mellomalder-instrument som fidla og gigja. Utan tvil har hardingfela vorte sterkt påverka av fiolinen ikkje minst når det gjeld storleik og form. Men hardingfela skil seg frå fiolinen mellom anna ved at ho har understrenger. Hardingfela har også mange felles trekk med den europeiske fiolinvarianten viola d'amore som var i bruk på 1500- og 1600-talet, som også hadde mange understrenger.

Dei mest kjende av felemakarane i eldre tid var Isak Botnen og særleg sonen Trond, som seinare tok namnet Flatabø. Og då Johannes Bårdson Tveit tok til som felemakar her i Samnanger, hadde han trondafela på det næraste som mønster den første tida. Slik førte han vidare tradisjonen frå Botnen-karane. Bestefar til Johannes kom elles frå Steine i Kvam; men vart gift med samningajenta Marit Knutsdotter Tysse. Mor til Johannes var Synneva Kvernes. Så om Johannes felemakar slekta frå Harding, må han reknast som samning god som nokon.

Johannes var odelsgut og bonde på Tveit. Han kunne vera pratsam og skjemtande med folk han trudde seg til, men helsa var helst skral. I mange år plagdest han med eit ope sår i eine foten og hadde vondt for å gå. Då var det lagleg med innarbeid og felelaging, særleg mellom onnene på garden.

Johannes var svært musikalsk og ein god spelemann. Med sitt fine musikkøyra var han ein meister i å stilla felene. ”Tonedåmen i Tveitafelene var ljodsdæmd og frisk,” skriv Arne Bjørndal i festskriftet ”Norsk folkemusikk”, som kom ut til 70-årsdagen til forfattaren i 1952. ”Eit særkje ved desse instrumenta var det, at dei kasta lyden så langt frå seg; dei let uvanleg reint og klårt. Og i lett og vindlaglegt ver høyrdest dei halve mila og meir, ikkje berre ljoemen, men melodien med, så ein kunne følgja slåtten frå vek til anna. Undrande var det derfor ikkje, at dei som dyrka folkemusikken, gjerne tinga seg ei tveitafele,” meinte Arne Bjørndal.

Felevyrket sitt hogde han om våren. Då for han til skogs og leita ut det beste som var å finna. Vyrket skulle helst ha vakse opp ved ei elv eller



Artikkelforfattar Ivar Bård Aadland med tveitafela etter svigerfar Peder Nordbø. Biletet er teke på konserten i Grønsdalen på etter-sumaren 2013. Foto: Samningen.

ein foss, for då hadde veden søge til seg noko av toneleiken i elvesusen eller fosseduren, meinte han. Ein gong fann han ei stor, gamal svartolder ved ein foss. Denne felte han og brukte henne til botn i mange feler. Til lok brukte han oftast fure, men det kunne også vera bjørk. Og ei fele som meisterspelemannen Sjur Helgeland på Vossestrand åtte i si tid, hadde gran i loket. Til sarg/trøysk nytta han gjerne hatl eller bjørk, men det finst også døme på at han nytta selje. Felehalsane var av bjørk. Halsen kunne enda i eit drake- eller løvehovud, men var oftast krulla som på ei vanleg fele. Alt etter kva kjøparen ynskte og var villig til å betala for, var felene pynta med tusjteikning og innlagde bitar med mørkt tre (gjern eik), bein eller perlemor og nysølv.

Når ei ny fele skulle lagast, tok Johannes dei trestykkka som var etla til fela, snudde og banka på dei og lydde nøye etter tonen trestykkka gav – om dei hadde same klangdåmen. Og etter grunntonen kvart stykke hadde, valde han så ut felemna sine. Finsikting av vyrket var avgjerande for resultatet attåt arbeidet med graving og til passing.

Felemakar Johannes Bårdson Tveit var vide kjend for det fine og gode arbeidet sitt. Hardingane, vossingane og nordhordlendingane tinga dei fleste felene attåt hans eigne sambygdingar. Men til tuns på Tveit kom det også kjøparar og tingarar både frå Valdres og Hallingdal. Mange av meisterspelemennene på den tid vitja felemakaren, og då var det kjekt for smågutane å stå utanfor Joans-stova og lytta. Han fekk så mange tingingar på feler at han stundom måtte ha hjelp. Då var det gjerne plassmannen på Øystølen som fekk arbeidet med å skjerpa til felehalsar.

Sjølv spela han helst når ingen hørde, og i tussmørkret kunne han spela heile slåttar, anten det no var ein rull, halling eller springar. Men jamt klunka han og stilte på dei nye felene sine. Lika han ikkje tonedåmen i fela, hende det ofte at han lema henne sund att. Og så var det til å fila og slipa i botn og lok, skifta ut noko her og der og setja fela saman att. Det skulle mykje maksling og måting til før han vart fullnøgd med fela. Men han gav aldri frå seg ei fele utan at ho svara til dei strenge krava han sjølv sette.

Sume berre skreiv og tinga seg ei fele, medan andre kjøparar tok turen til Tveit og vart samde om prydnad og pris, slik som Myllarguten gjorde Ein av dei var Johannes Fossmark frå Vaksdal. Fossmarken hadde høyrte at felemakaren lika dårleg å verta snakka til først når det kom inn ein framandkar. Då han kom inn i stova, sat Johannes felemakar og arbeidde på ei fele. Fossmarken fann seg sæte, men sa ingenting. Han snakka litt med kona i huset. Etter ei stund vende felemakaren seg på krakken, såg skarpt på ferdamannen, spurde kvar han var frå og kva han heitte. Hin sa så det. ”Ja, so e da du so e spelemann då,” sa han. ”Ja, da ska so vera,” svara Fossmarken. Og så var praten i full gang om feleverktøy, vyrke og løyndomar med å laga ei god fele.

Fela som Fossmarken tinga seg, skal vera den siste som Johannes felemakar laga. Ho ber årstalet 1847, same året som han døydde. Fossmarken vart rekna for ein meisterspelemann på våre kantar. Ein annan meisterspelemann var Ola Mossafinn frå Voss. Han var oppglødd for Fossmarken si tveitafela. ”Ho er ikkje betalt med pengar,” sa han.

Då pietismen greip om seg i ånds- og kulturlivet, vart mange feler knuste eller brende. Slik gjekk det nok også med mange tveitafeler. Slåttemusikken og felene var då djevelens verk, må vita. Andre feler rauk til i gjestebod når det gjekk litt vilt for seg, medan atter andre tapte for mit og vanstell.

Sume for også over dammen til Amerika, og etter det som stod i Samningen nyss, er det truleg ei tveitafele som har hamna på museum i England. Ei tveitafele som den kjende visemakaren og spelemannen Oddmund Urheim frå Kinsarvik åtte, tok ein brorson med seg til Amerika. Men den fela kom attende for ein del år sidan og er no på Hardanger folkemuseum, Utne, i den store felesamlinga der. Iallfall såg eg henne der straks etter ho var heimkomen. Nils Myren Flatabø i Kvam hadde òg ei tveitafele som hamna i Amerika. Ho skal ha vore ekstra fin å sjå til, og eigaren kalla henne Brurafelo. Ei anna utvandra fele som Johannes Bårdson Tveit truleg var meister for, for til Amerika frå Jostedalen. Ho skulle og ha vore utifrå vakker med roser av gulbøk på lok og botn og med fint flidde fingrebrett, etter det Arne Bjørndal skriv.

Presten Brun i Vikøyri i Kvam var glad i gammalt felespel og interesserte seg sterkt for hardingfeler. Han skaffa seg heile fire tveitafeler. ”Dette provar kor gode og vel omtykte desse instrumenta var,” meinte Bjørndal. Som me alt har nemnt, skal meisterspelemannen Sjur Helgeland frå Voss og ha ått ei tveitafele.

Arne Bjørndal har omtale av over førti tveitafeler eller samningafeler som dei gjerne vert kalla utanbygds, i festskriftet sitt frå 1952. Dei fleste var å finna i Hardanger, Voss, Nord- og Midthordland, men også lenger nordover Vestlandet. Til dømes var samningafelene velkjende i Jølster. På museum skal det i dag finnast samningafeler både i Bergen og Ålesund, og på Voss og Utne, og altså i Oxford, England. Ei og anna fele for austom slik me har høyrte om Myllarguten si tingingsferd til Tveit. Han må ha likt desse felene, for han bytte til seg ei samningafele mot ei hellandfele ein gong.

I Hellandslekta frå Bø i Telemark var det mange dugande felemakarar, og det er Erik Helland (1816-1868) som har fått æra for å utvikla fela frå trondafele til den moderne hardingfela slik me kjenner henne i dag. For i tradisjonen frå Trond Botnen, som Johannes Tveit vidareførte, er fela mykje mindre, men djupare/høgare enn dei me kjenner i dag. Heile lengda på ei tveitafele kunne vera 54-58 cm, breidd bak 18-19 cm og framme ca 15 cm. Sargen eller trøysken var mellom 3 og 3.5 cm brei. Felene hadde 4, 5 eller 6 understrenger.

Eg nemnde at Fossmarken si fele frå 1847 skal vera den siste Johannes Bårdson Tveit fekk laga før han fall frå. Men det finst også ei tveitafele frå 1849. Ho er signert T. P. Tøslund. Truleg er det sviger-son til felemakaren, Tomas Pederson Tysseland, som har prøvt seg med feleformene til meisteren. Eller kanskje han berre har gjort ferdig ei halvferdig fele etter svigerfaren?

Eldste son til Johannes Bårdson Tveit, Bård, var heller ikkje heilt framand for felemakarkunsten og fint trearbeid elles. Men etter han vart omvend og ivrig indremisjonsmann, var det nok ikkje snakk om å ha noko med dette syndens instrument å gjera. Og folk meir

enn ymta om at felemakaren Johannes fekk svi for dette ukristelege handverket sitt då han på sine eldre dagar balte med giktbrotne fingrar krøkte som ei klo. Felespeling hadde han måtta gje seg med før han la felemakarverktøyet frå seg. Men etter det som er fortalt i ein biografi om oldebarnet komponisten Harald Sæverud, sette han seg då til å slå tromme. Livet var visst ikkje leveleg utan musikk.

Knut og Margreta (Grønsdal) Myrland

Av Øyvind Røen

Sommaren 2012 sende folkeminnegranskaren Arne Høyland ein forvitneleg e-post der han fortalde at ein spelemann i Sverige hadde fått tak i ei hardingfele frå England med signaturen “Knut H. Grønsdal Samnanger 1895”. Sjølv om eg stussa litt med det same, vart det fort klart at felemakaren då ikkje kunne vera andre enn morfar til far min. Men eg var ikkje klar over at han brukte etternamnet Grønsdal; i familien kjende me han berre som Knut Myrland, og med det namnet er han omtala i bygdebøkene. På den andre sida visste me sjølvsagt at han hadde born og barneborn som nytta Grønsdal til etternamn.

Eg trur forklaringa på dette med etternamnet er slik: Knut kalla seg Grønsdal så lenge han heldt til i Røyrbotten, som den gongen var husmannsplass under Grønsdalen. Her budde Knut frå han var 5-6 år gammal, til han flytta ned til fjorden ca. 40 år seinare. Som me veit, var det fram til rundt 1900 vanleg å skifta etternamn når ein flytta til ein ny stad, altså ta namn etter plassen ein flytta til. Men Knut tok ikkje namnet Reistad sjølv om det var dit han flytta. I staden var det truleg då han valde Myrland-namnet etter plassen der han var fødd, og her er det snakk om Myrland i Hildershaugen ved sørenden av Fitjavatnet.

Slekta til Knut

Knut Grønsdal/Myrland var oppkalla etter farfaren, Knut Eriksson, som var fødd på Rødne. Han var ein av samningane som vart sende i krigen mot svenskane i åra før 1814. Bygdeboka, Samnanger I, fortel noko om dette (Samnanger I, s. 401) : “Alle tre brørne var med i ufreden 1808-14. Johannes og Knut var med frå fyrst; men eit bel etter kom der ein sersjant og henta den yngste guten ogso. Han Nils og faderen var den dagen på slåtten i Stykket. Då sersjanten for med guten, stod faderen att og gret, fortelst det.”

Denne historia har alltid gjort inntrykk på meg: Eg ser for meg gam-



Dette er “Grønsdals-fela” som etter å vore i England hamna hos spelmanen Anders Rosén frå Malung i Dalarna i Sverige. Rosén skriv: Jag har en mycket vacker Samnangerfela tillverkad []. Jag hade en otroligt tur som fick tag i den – köpte den av en musikinstrumentkuriosahandlare från England. Den saknade då stränghållare, stall, ljudpinne och stämskruvar. Anders Norudde från Karlskoga, mest känd som spelman, men även skicklig fiolbyggare, hjälpte mig att ställa den i ordning. Därefter har mästarbyggaren av hardingfelor Knut Opheimsbakken från Valdres gjort ett stall i gammal vestlandsstil, s.k. sågtandstall och gjort en del justeringar för att återställa spelbarheten. Felan klingar mycket bra och är mycket skickligt byggd.

Biletet er teke på konserten i Grønsdalen i august, der Anders Rosén spela på “Grønsdals-fela”. I bakgrunnen Jonas Åkerlund. Foto: Samningen.

le Erik Rødne der han stod att nedmed Nordvikavatnet og grein då minsteguten måtte fara. Erik var då nær 80 år gammal og såg truleg ingen av sønene igjen før han døydde. Den eldste sonen, Johannes, “spurdest ikkje meir”, seier bygdeboka. Men Nils og Knut kom heim og busette seg i Samnanger.

Knut Eriksson vart gift med Magdela, dotter til ein av bøndene i Nordvika. Magdela og Knut fekk bu på husmannsplassen Klubben (nær huset der Knut Nordvik bur no). Den eldste sonen deira var Hans, far til Knut Myrland, og han gjekk resten av livet under tilnamnet “Klubben”. Men han var ikkje nøgd med ein husmannsplass nede i bygda, han ville bu i skogen eller på fjellet der han hadde kortare veg til å dyrka den store lidenskapen sin, nemleg å gå på jakt. Han byrja å mura seg hus i Dyrdaalen i Nordvikaslåttene, men gav visst dette opp og kom då til Hildershaugen og Myrland. Dette var i følgje bygdeboka rett før oldefar Knut vart fødd i 1851. Men alt i 1856 flytta familien vidare til Røyrbotten/Grønsdalen

Eg har snakka med gamle folk i “fjellagardane” for 25-30 år sidan, som framleis kunne fortelja om “Klubben” eller Hans i Røyrbotten som ein ivrig jeger, både etter stort- og småvilt. Han såg forresten ikkje berre ville dyr og fuglar. Han hadde møtt huldra òg, fortalde bestemor mi.

Hans heldt det heldt det gåande med jakt til han var langt oppe i åra. Dei fortel at han var godt over 80 då kom han att noko mismodig etter ein jakttur langt inne i Kvitingsfjella; han hadde berre skote tre ryper. Men den siste turen måtte han gje opp: Han og Johannes Steinsland hadde planlagt å reisa til Nordhordland på revejakt; begge var då mellom 85 og 90. Men så vart Hans sjuk og stod det ikkje over. “Meiner du ikkje Klubben la seg til å daua når me skulle på revejakt”, var kommentaren frå Johannes Steinsland.

Røyrbotten

Knut Myrland hadde ikkje jaktinteressene til faren og dreiv visst ikkje villmarkslivet lenger enn til aurefiske i Grønsdalsvatnet. Nei, han må tidleg hatt lyst til meir stillesitjande sysler. No er det rett nok ikkje mykje me veit om barne- og ungdomstida til Knut. Han fortalde ikkje om seg sjølv t.d. til barneborna.

Det me veit, er at han reiste til Voss og gjekk i skreddarlære. På Voss møtte han òg ein rik folkemusikktradisjon, og han lærte å spela hardingfele. Ola Mosafinn var sjølvsgt meisterspelemannen på Voss den gongen og eit førebilete for alle som ville spela hardingfele. Truleg var det òg på Voss Knut fekk inspirasjon til å laga feler sjølv, og naturlegvis visste han at heime i Samnanger fanst formene til den vidkjende felebyggjaren på Tveit, Johannes Bårdsson.

Knut flytta truleg straks heim att til Røyrbotten då han kom att frå Voss. Han gifte seg i 1879 med Margreta “Maggrega” Pedersdotter frå Børdalen, der slekta hadde budd i fleire generasjonar. (Den vidgjetne læraren Hans Børdal, “Skule-Hans’n” var bror til Margreta sin oldefar (Samnanger I, side 57).) Knut var 27-28 år då han vart gift; Margreta hadde ikkje fylt 19. Ho var på mange måtar motsetnaden til Knut: livleg og pratsam. Men det var nok ikkje ein lett overgang å flytta frå Børdalen som var ein storgard etter Samnanger-målestokk – med 2 hestar og 12 kyr – og til den vesle husmannsplassen oppe i fjellet. Margreta fortalde sjølv om då ho skulle flytta til Røyrbotten og gjekk over Tøfjellet frå Høyseter: “Eg måtte mest gråta då eg såg ned på den vesle stova i Røyrbotten”.

Øg det vart ikkje eit enkelt liv i Røyrbotten. Det kunne rett og slett verta smått med mat stundom. Knut tente ikkje mykje på skreddararbeidet. 8 kroner kunne han få for ein heil dress. Dette var nok dårleg timebetaling sjølv med pengeverdien den gongen. Kor ofte han laga feler i denne tida, veit eg ikkje noko om, heller ikkje kva han kunne tena på slikt arbeid.

Garden i Røyrbotten gav heller ikkje mykje. Dessutan var det foreldra som sat med husmannsplassen og skulle leva av den attåt det Hans kunne skaffa gjennom jakt og fiske. Knut hadde formelt i denne tida statusen “innerst”, dvs. ein mann som berre budde hos folk utan å ha jord sjølv. Men eg går ut frå at det i nokon mon vart delt på avlinga frå garden.

Iallfall sa Margreta seinare at det var smått for dei. Ho fortalde at ho låg på kne ved hoggestabben og bad til Gud om at det måtte laga seg med mat. Ein gong fekk dei tak i mjøl frå Vaksdal som var skjemt av lampeolje. – Me var fegne då, var kommentaren til Margreta.

Knut og Margreta fekk fem born, først to jenter og så tre gutar. Men

dei to eldste gutane døydde tidleg: Peder fekk hjernehinnebetennelse og vart berre ni år. Hans døydde 17 år gammal av lungebetennelse (og truleg hjartefeil) etter at han hadde vore og hakka is i vassrøyrane til fabrikkjen på Tysse. Margreta vart elles så gammal at ho opplevde å missa den eldste dottera, Berta, òg. Men då var Margreta over 90 og dottera over 70.

Men livet i Røyrbotnen var slett ikkje berre tungt og tragisk. Her var rom for humor òg: Det var frå tida i Røyrbotnen at dei fortalde om ein nabo som kom innom og fekk smaka på blodpølsa dei hadde laga. Dette tykte han var grueleg god mat, særleg feittet i pølsene. Det var då han sa: “Eg lure på ka kongjen et på julafto; da må no vel vera skira talgjæ!”

Om spelemannen Knut Myrland veit eg ikkje mykje meir enn det som står i bygdeboka, Samnanger II s. 353:

Han kunne spela mykje ny dansemusikk, men best var han då han drog opp ein av dei gamle slåttane, då var han retteleg med i spelet, som var reint og mjukt og taktfast, og difor var han mykje nytta til spelemann i mange brudlaup.

Eit lettare liv nede i bygda

Ca. 1897 flytta Knut og Margreta frå Røyrbotnen og ned i bygda. Det var ho som tok initiativet til det. Dei budde visst først nokre år i U(t)gjerdet der det var slekt, men fekk så bygt hus i det som var utmark den gongen, tett ved vegen, innanfor det som folk kallar Nikkeneset. Her dyrka dei opp lite grann slik at dei hadde for til nokre sauer.

Livet vart nok enklare på fleire måtar nede i bygda. Kanskje særleg ved at Knut tente betre på skreddararbeidet enn før. Dette hang saman med at den nye tida for alvor var komen til Samnanger. Det var nett i dei åra arbeidet med den nye riksvegen til Norheimsund gjekk føre seg; seinare kom kraftutbygginga. Anleggsarbeidarane var villige til å betala meir for ein dress. No kunne Knut få heilt opp mot 40 kroner mot altså 8 før.

Frå Reistad var det òg mykje kortare veg til born og barneborn, særleg dei som budde på Olderbakken. Her skal eg ta med noko som far min har skrive der han fortel litt om korleis han hugsa besteforeldra:

Eg var ofte borte hos bestemor og bestefar, som budde i det huset

Charles Grønsdal no eig. Det var bestemor som dreiv ”garden”, og eg hjalpente henne ofte med eit eller anna arbeid. Ho var svært arbeidsam. Ho reiste opp i 6-tida om morgonen og var då ofte i marka og sanko saman kvistar og greiner og bar heim ei vedbør. Så baka ho gjerne ei lita knøde med kaker òg – før bestefar reiste opp. Men om kveldane vart ho tidleg svevning og sat og nikka attmed rokken.

Bestefar sat gjerne lenge om kveldane med sitt arbeid. Han var skreddar, og han sydde klede til folk til han var langt opp i 80-åra. Elles laga han mange hardangerfeler, og felemakararbeidet dreiv han med til han var om lag 95 år. Det var underleg at han fekk det til, for han var så skjelhendt. Det vart han nokså tidleg – medan han dreiv skreddaryrket òg. Men han fekk det fint til, jamvel å trø på nåla. Det var lite prat med bestefar, og han tenkte seg vel om før han sa noko. Bestemor var annleis. Det var lett å føra samtale med henne.

Første juledag var det ikkje preike (gudsteneste) i kyrkja på Ådland. Me hadde prest saman med Os, og førstedag var han der. Me gledde oss til at bestemor og bestefar skulle koma til oss førstedag, og me såg i glaset rett som det var om dei ikkje snart kom. I grunnen var det strengt forbode å gå frå tunet førstedag. Det måtte vera heilt stilt den dagen. Men likevel hadde det vorte så at bestemor og bestefar kom hit til middag. Bestemor kunne så mange leikar, så me tykte det var gildt når ho kom. Bestefar lika godt å høyra på felespel på grammofon. Me hadde plater med spel av dei gamle meistrane: Ola Mosafinn, Sjur Helgeland og Arne Bjørndal.

Då det leid til kvelds, fylgde me alle bestemor og bestefar bort att til dei, og bestemor koka lutefisk og stelte til kveldsmat. Ho hadde alltid så god fisk. Ho koka lut av oske, og oska måtte vera av serskilt god ved. []

Då bestefar døydde i 1947, var han 95½ år. Bestemor budde dei siste åtte åra her hos oss. Ho vart om lag like gamal som bestefar.


Så langt det far min har skrive. Eg kan leggja til endå ein kuriositet: På trettandedag jul (6. januar) feira Knut og Margreta “den gamle jula” (på same tid som den ortodokse jula). Då åt dei lutefisk om kvelden. Danmark-Noreg hadde bytt frå den julianske til den gregorianske kal-



Knut og Margreta Myrland

enderen i år 1700 (med å hoppa over dei siste dagane i februar), men sjølv bortimot 150 år seinare var det altså samningar som markerte det gamle tidspunktet for jula.

Knut slutta å spela fele nokså tidleg fordi han som sagt vart så skjelven. Far min fortalde at einaste gongen han hørde bestefaren spela var ein gong han stogga utanfor huset deira. Betefaren var åleine heime og slutta straks å spela då han forstod at det var kome folk til tuns. Men felemakararbeidet heldt han altså fram med, mest til han døydde. Arne Bjørndal skriv i *Norsk folkemusikk* (1952) at Knut Myrland laga over 100 feler, og at mesteparten av dei er selde i Noreg, men at nokre har hamna i USA og ei i England. Om det er denne sistnemnde som no er komen til Dalarna i Sverige, er ikkje godt å seia.



Knut Myrland laga feler til alle barneborna, og biletet over syner ei av dei. Nokre av måla til fela er tekne med her. Heile fela er ei alen lang eller 24 tommar viss ein reknar det gamle målet der 1 tomme = 2,615 cm, altså litt lengre enn dagens tomme.

Eg har nemnt at Knut og Margreta fekk fem born, men at to døydde tidleg. Av dei tre som levde opp, vart berre Anna buande i Samnanger, på Olderbakken. Berta flytta etter kvart til Voss. Knut, den yngste sonen, busette seg på Risnes, og nokre eldre folk hugsar han kanskje som drosjesjåfør. Margreta og Knut hadde sju (biologiske) barneborn, men ingen etterkomarar har vorte spelemenn eller felemakarar.

Margreta Myrland var kvikk i replikken:

Ein gong ho var på butikken på Ådland hos "Liso" snakka ho om at ho hadde lese eit stykke om nevøen Peder Koldal i avisa. Ein storkjefsta unggut syntest ikkje det var noko å skryta av og glefste: Da har no eg tørka meg i rævæ med. Margreta svara tørt: Da va no noke lite te dal!

Trøyer i Samnanger

Av Hanne Y. Aadland

Me heldt på med førestilling på skulen våren 2013, med utgangspunkt i boka «Brita Larsdotter» av Svein O. Aadland. Her får me høyra om ei gammal jente på Høysæter som vert kalla Laskatrøya etter ei frykteleg fin trøye, som var for fin til å brukast. Me var på leiting etter kostyme, og eg fekk spørsmål om eg kunne bruka noko av ein kvardagsbunad. Dette sa eg sjølvsagt ja til, og trøya som då dukka opp, vart inspirasjonen til å finna ut meir.

Det er ei nydeleg mørkeblå trøye med tre kiler, som gjev stor vidde bak, og breie rosete silkeband. Trøya er i vadmål, utan for og heilt handsydd. Eg ville tipa at ho er frå rundt 1860, men modellen har vore i bruk lenge både før og etter dette.



Den mørkeblåe trøya som starta det heile. Laskatrøye med tre laskar gjev flott vidde bak.

Avskrift av skifte etter to kvinner i Nordvika kan fortelja oss meir. Begge døydde medan borna deira var små, og umyndige arvingar er ein grunn til at det vert halde skifte. Alt den døde eig vert skrivne opp og delt, og dette er ei god kjelde til ein del informasjon frå tidlegare tider. Eg har berre teke med liv og trøyer frå skifta her. Skrivemåtar kan variere etter kven som skreiv. Avskrifta står slik eg har fått ho.

Kristi Andersdotter Nordvik døydde i 1803, 38 år gammal. I skiftet etter henne finn me desse liva og trøyene:

| | |
|--|-----------------------------|
| <i>I et rødt Klæde Kiersins livstykke etc. v.f.</i> | <i>2 rd udl. 1 rd 3 Mrk</i> |
| <i>I et rødt Klæde kiersins Livstykke etc. v.f.</i> | <i>2 rd udl. 3 Mrk,</i> |
| <i>I blaat Klæde kiersins Livstykke med Tinn og Snorer</i> | <i>4 Mrk,</i> |

| | |
|---|--------------------|
| <i>I sort v. Trøye med Hægter</i> | <i>3 Mrk 8s.</i> |
| <i>I nye stampet V. Trøye med Snorer</i> | <i>4 Mrk,</i> |
| <i>I bl. Kl. kiersins Trøye med Baand og Hægter</i> | <i>1 rd 3 Mrk,</i> |
| <i>I gl. rød V. Do. med Snorer</i> | <i>2 Mrk 8s.</i> |

Me ser at ho hadde tre liv og fire trøyer:

To raude liv av klede-kirsej, eit kypertvove litt grovt og laust ullstoff som først vart produsert i byen Kersey, Sussex i England. Stoffet vart nok rekna for å vera finare enn heimeprodusert vadmål. Verdien er høg. Ei god ku var verd 10 riksdaler i same skiftet. Ein riksdaler er seks mark, og ein mark er 16 skilling på denne tida. Kristi har og eit blått liv med mindre verdi sjølv om det har tinnmaljer og snorer til pynt. Skrivaren har dessverre ikkje skrive kva pynt dei raude liva har. Nils Lauvskard informerer i 1942 om at blå opplutar ikkje var brukt. Då får me gå ut frå at dei var gått ut av bruk 140 år etter dette skiftet.

Vidare har ho ei svart vadmålstrøye med hekte. Det som aukar verdien er stoffkvalitet og pynt, band og snorer. Den andre trøya er ny av stampa vadmål. Då har stoffet fått ei mekanisk behandling som tovar det og gjer det fast og tett. Trøya har og snorer.

Så kjem fintrøya av blå klede-kirsej med band og hekte. Ho er verd tre gonger meir enn dei andre trøyene. Siste trøya er gammal, av raudt vadmål og med snorer. Ho har minst verdi av alle, sikkert fordi ho er gammal. Raudt er elles ein dyr, fin farge, og her er og snorer til pynt.

Guro Andersdatter Nordvik, fødd 1814, døydde 27 år gammal i 1841
Ho hadde desse liva og trøyene (sd=spesiedalar, s=skilling):

| | |
|--|-----------|
| <i>1 grønt Overlaskes Snørliv med Tinmaljer</i> | 60 s |
| <i>1 grønt fløiels Snørliv med Sølvsnorer og Tinmaljer</i> | 1sd 72 s |
| <i>1 rødt Klæde Snørliv med Sølvsnorer og Tinmaljer</i> | 96 s |
| <i>1 grønt V. Snørliv med forgylde Sølvsnorer</i> | 30 s |
| <i>1 rødt Overlaskes Snørliv</i> | 36 s |
| | |
| <i>1 bl. v. Trøie med grøn Silkeqværing</i> | 54 s |
| <i>1 grøn Klædes Trøie ufærdig</i> | 1 sd 60 s |
| <i>1 bl. Trøie med Kragesilkeqvering</i> | 42 s |
| <i>1 sort Vadmels Trøie med Fløiels Kant</i> | 48 s |
| <i>1 rød Klædes Do.</i> | 36 s |

Overlaskes kan vera eit mønstra einsfarga ullstoff. Guro har liv i grønt og raudt overlaskes, grøn fløyel, raudt klede og grøn vadmål. Det grøne fløyelslivet har heilt klart størst verdi. Fløyel var av silke eller bomull og importert vare. Verdien av plagga her er i spesiedalar og skilling, 120 skilling er ein spesiedalar. Trøyene er av vadmål eller klede. Størst verdi har ei uferdig grøn trøye i klede. Denne kunne vera til bruk inni eit raudt liv, men med ein slik høg verdi er det truleg ei laskatrøye. Ho har ei blå vadmålstrøye med grøne silkekantingar og ei anna blå trøye med det eg vil våge å kalle krokakvaringar i silke. Ei svart vadmålstrøye med fløyelskant og ei raud kledestrøye fortel om godt utval av fargar i klesdrakta før 1842.

Med eit slikt utval av liv og trøyer hadde desse kvinnene både kvardagsklede, sundagsklede og kyrkjeklede. Dei kunne variera drakta si mykje. Det er dei finaste variantane av desse klede me brukar til bunaden vår i dag. Før 1920 vart Anna Hansdotter Nordvik fotografert heime i tunet. Ho var fødd i 1830, og gjekk i dei tradisjonelle klede sine heile livet. Kanskje det er grunnen til at desse klede vart omtala som kvardagsbunaden hennar.

Nils Lauvskard skriv (Samnanger side 144): *Var det fint ver gjekk dei skjorteberrarma; men var det utrygt med veret hadde dei rundtrøya og*



Anna Hansdotter Nordvik (1830-1920), mor til Brita Aadland.

laskatrøya utanpå. I staden for å ganga skjorteberrarma kunde dei hava ei grøn rundtrøye under uppluten som oftest var raud og var kanta med silkekvaringar i fagre liter og med sølvsnorer.

Han skriv og om brurabunaden (Samnanger side 142): *Kruna med underlag og snorer, bringesylver, sylvkjeda, sylvbelte, grøn eller svart rundtrøya, raud sylvsnora stakk, kvite elder raude sokkar og sylvspente sko.*

Gåver til jenta ein ville festa kunne mellom anna vera «*eit stykke fint ty til trøya elder upplut*». (Samnanger s. 139)

Gyrid Nordbø var informant til Gunvor Ingstad Trætteberg. Ho fortel i 1942 til henne: *I fasten bruktes helt sorte klær. Svart laskatrøye med svarte kvaringer. Mor hadde svart laskatrøye med sølvspenne i.*

Nils Lauskard informerer og om trøyene inni opplutane: *Jentene så*



Brita Aadland fødd Nordvik, (1861-1939) her tradisjonelt kledd med laskatrøye saman med familien der dei fleste døtrene har bunad. Foto frå rundt 1911.

jeg aldrig med grønt og vadmeststrøylene som de brukte indeni var for rød oplut grøn trøie og for grøn oplut rød trøie. Mørkeblå oplut ikke brukt.

Gunvor Ingstad Trætteberg får og vite at: *Rundtrøie er det samme som knappatrøien kneppet helt op uten fløielslinning i halsen og med bryst og ryggsømmer.*

I «Bunader i Hordaland» s. 159 står det frå Fusa, Os og Samnanger: *Frå tida like før 1900 finn me korte trøyer, ...*

Me har starta med klede som har vore brukte på slutten av 1700-talet, og ser at den informasjonen eldre folk kjem med i 1942 samsvarar mykje med det me finn i skifta. Ein del endringar har det sjølvsagt vore, namn på liva, ulike stoff og meir eller mindre brukte fargar til ulike tider. Stoffa som er brukt inni til belegg eller skoning kan og fortelja litt av historia.

*Sulla meg litt, du mamma mi,
skal du få snor til trøya di.
Vil du ha gule?
Vil du ha blå?
Vil du ha blanke,
skal du det få på trøya di,
du mamma mi.*



Raud trøye med blå kvaringar og Band og pynt på ei laskatrøye. metallband til å bruka inni livet.

Dette er eit vers som er godt kjent over heile landet, men ut frå fargane me finn på pynten på trøyene i Samnanger, kunne verset vera heilt lokalt.

I Samnanger finn me i alle fall raude, korte trøyer som vart brukte inni eit liv med ein annan farge. På desse finn me at blå silkeband er mest brukt. I tillegg finn me gule silkeband framme på ermene, og nokre trøyer kan ha ein blank metallknipling innanfor dette.

På dei svarte eller blå laskatrøyene finn me mellom anna rosete silkeband av ulik breidde. Den yngste har 2,5 cm breitt band. Den blå har silkeband på 4 cm breidde. Dei andre trøyene eg har sett på har fløyelband som er noko smalare enn silkebanda, men dei har fleire fargar og mønster i banda.

I skifta eg har sett på skil ein mellom «bånd» og «snore». Ei snor skal vera fletta av fleire trådar. Knipling er ei form for fletting. Kan «snore» her vera metallkniplingar? Brurestasen har og krune med underlag og snorer. Kan dette vera silkeband? Eg har spurt fleire personar om snorer kan ha vore brukt om noko anna før i tida, men har ikkje fått noko godt svar. Eg har tolka snorer som band ein del stader i det eg har skrive her.

Dei eldste trøyene har rette snippar og er korte i livet, og dei gamle plagga me har er små, gjerne det me vil kalla storleik 34-36 i dag. Det er ei utfordring å ta av mønster, gradera og tilpassa til kroppane me har i dag, men det let seg gjera. Det ville vera stas å ta i bruk trøyer inni livet eller laskatrøyer utanpå. Desse plagga var mykje verd og ikkje berre brukt til kvardags i tida før dei tradisjonelle kledda vart omforma til festbunad.

Kjelder:

Sorenskrivaren i Sunnhordland IV.A.a. 11b Skifteprotokoll 1801-1804, pag. 1194-1196 Skifte efter Selv Eyer Haldor Johannesson Nordvigs Hustrue Christi Andersdtr. i Ous Skibrede den 16de Junii 1803. Avskrift: Yngve Nedrebø

Sorenskrivaren i Sunnhordland IV.A.b. 3 Skifteprotokoll, Opdal, Os, Strandvik og Strandebar, 1835-1844, pag. 704-706.

Skifte efter S. E. Peder Knudsen Nordvigs Hustru Guro Andersdatter af Ous Skibrede, begyndt 24de Mai og sluttet 1ste Juli 1842. Avskrift: Yngve Nedrebø

Trøtteberg, Gunvor Ingstad: Upublisert materiale, notatar frå Samnanger. Hos Bunad og folkedraktrådet.

Lauvskard, Nils 1930: Samnanger

Rolf Fladby, Steinar Imsen, Harald Winge 1981: Norsk historisk leksikon
Skriftnemnda for bunader i Hordaland 1987: Bunader i Hordaland

Kva har hendt i Samnanger historielag i år?

Årsmøtet 27.februar

Ein del nye styremedlemmar vart valde.

Noverande styre:

| | |
|---------------------------|-------------|
| Helge Hisdal | leiar |
| Brigt Olav Gåsdal | nestleiar |
| Anne Liv Haukanes | skrivar |
| Ellen-Margrethe Oldervoll | kasserar |
| Solveig Vassenden | styremedlem |
| Sture Tveit | vara |

Samnanger historielag gjorde ein avtale med kommunen om å sortera 3 private gamle arkiv som skulle lagrast i Statsarkivet i Bergen.

Arkiva var:

Samnanger meieri

Samnanger husmorlag

Losje morgenrøden.

Alt vart sortert og pakka i merka arkivboksar. Arbeidet utført av frivillige frå Historielaget.

VÅRTUR

9.juni hadde laget sin faste vårtur med gammal «Blåbuss» 1962 modell. Dette året gjekk turen til Tønnegarden i Samnøy, der er det etablert ECOMUSEUM, dvs gamalt handverk utført i notid med publikum tilstades. Kari og Jostein Gangstø var dyktige informantar om livsverket sitt.

Dei lagar tønner som i gamle dagar, men med moderne maskinar. Bakar brød, bollar og kaker i steinovn av gammal konstruksjon. Dessuten serverer dei mat til besøkjande. Me fekk god betasuppa med heimelaga brød til.

Derifrå gjekk turen til den gamle Holdhuskyrkja. Dagens kyrkje er frå 1726, men det har vore kyrkje på staden i meir enn 700 år. Me

fekk svært spanande guiding av Torill Hjartåker Hauge om kyrkja si historie.

Deretter reiste me vidare til Venjaneset og ferje til Hatvik. Der kom Åsmund Lien, dagleg leiari av Oselvarverkstaden og Os-historikar, inn i bussen. Han fortalde om Osbygda på turen til Oselvarverkstaden. Der hadde me kaffi og kringler før me fekk høyra om Oselvaren si historie og spesielle konstruksjon. Me la turen om den nye brannstasjonen med Os / Samnanger si nye legevakt før me køyrde heim att gjennom Hegglandsdalen. Fin tur for ca 35 personar.

22.august var det felekonserter i det gamle skulehuset i Grønsdal

Ei hardingfele laga av samningen Knut H. Grønsdal i 1895 var utgangspunktet for ein historisk konsert. Tilskipinga gjekk føre seg på kveldstid i det gamle skule- og forsamlingshuset i Grønsdal, og samla nesten 50 menneske.

Den svenske meisterspelemannen Anders Rosén spelte både svensk og norsk folkemusikk på den gamle samningafela. Han fortalde at han hadde kome over henne på internett; ho hadde hamna på eit slags museum for gamle instrument i England. Kan henda har ho vorte eksportert til England, eller kome dit med ein norsk sjømann?

Anders Rosén har fått restaurert den gamle fela, som både let sterkt og godt og var vakker å sjå på. Han opptredde saman med Jonas Åkerlund, som trakterte både feler og ein gitar frå 1932. – Vi er førtjust i gammal musikk og gamle instrument, fortalde han.

Mot slutten av konserten fekk me høyra Jonas Åkerlund i samspel med Anette Thorsheim frå Nordhordland på torader. Dei to byrja å samarbeida då dei studerte i lag på musikkhøgskulen i Stockholm.

Ivar Bård Aadland og Øyvind Røen gjorde den lokale historia levande for dei fram møtte. Øyvind fortalde om oldefar sin Knut H. Grønsdal (f. 1851), som var skreddar og felemakar. Han voks opp på Myrland ved Fitjavatnet og i Røyrbotn, som var husmannsplass under Grønsdalen.

Leiaren i laget hadde tidlegare på dagen møtt spelemennene som først hadde ein minikonserter på Aldersheimen på Haga. Deretter var dei på tur i Samnanger og m.a. såg dei plassane felemakaren hadde budd.

Etter at dei kom heimatt til Sverige kom det e-post der dei uttrykte stor takk. «Besöket og spelningarna er et minne för livet, kommer aldrig att glömma dessa underbara dagar», skriv Anders Rosén til historielagsleiaren.

Roser og Liljer

9.oktober hadde me ope møte med Nils Georg Brekke frå Os. Han heldt eit interessant foredrag om rosemålararkunsten frå Hallingdal via Samnanger til Os. I foredraget “Roser og liljer” fekk me både i ord og bilete innføring i den fargesterke hallingtradisjonen, som rosemålinga i Samnanger og Os er påverka av.

Om lag 30 personar hadde møtt opp på Antons kulturhistoriske senter for å høyra på den kunnskapsrike formidlaren Nils Georg Brekke (75), som m.a. er magister i folkekunst. I magisteroppgåva tok han for seg rosemålinga i Hardanger.

Rosemålinga blomstra opp då laugsprivilegia vart oppheva i 1782, fortalde Brekke. Han la til at uttrykket å “fuska i faget” stammar frå denne tida. No risikerte ikkje handverkarane lenger bøter om dei tok på seg oppdrag utan å vera tilslutta laug i byane. Målarar og andre handverkarar frå Hallingdalen og Telemark drog til Vestlandsfjordane på jakt etter oppdrag og forteneeste.

Koloristane frå Hallingdalen målte blomsterrankar, druer og biletmotiv som m.a. var henta frå biletbiblar og skillingstrykk. Motivet kunne vera “dei tre stender”, ein hest eller einhjørning, Samson i kamp mot løva eller andre forteljingar frå Bibelen.

Johannes J. Tveiterås (1763–1842) vart inspirert til å måla etter at brørne Sven og Vebjørn Hammersbøen hadde vitja Tveit og Tveiterås. Son til Johannes, Nils Tveiterås (seinare Midthus) tok med seg målekunsten til Os, der den enkle og fargerike stilen vart utvikla vidare.

Vil du lesa meir om felespel og rosemaling, sjå Historielaget si heimeside. Der har Anne Liv Haukanes skrive dette og meire til.

KULTURMINNE

Historielaget har hatt eit godt samarbeid med kulturminnegranskar Arne Høyland gjennom heile året. Me har sett på og registrert alt frå små skrin via ski og reiskap til bygningar og kraftverk/damanlegg. Me

har også gått gjennom Tysse og filma og kommentert alle bygningar. Noko i kommunal regi og noko privat.

Historielaget har også vorte høyringsinstans i fleire kommunale saker.

- SAFA-pipa,
- Reguleringsplan for Bjørkheimsområdet
- Kommunedelplan for kulturminne
- Vera med å feira 200 års jubileum for gunnlova 2014
- Framtidig bruk av Stolpane skulehus
- Etablering av Frivillighetssentral i Samnanger
- Skal bygningar og restar frå første annleggstida ved Svartavatnet få bestå, eller skal det rivast / fjernast av BKK? Iflg Randi Bårtvedt, som har vore leiar ved Kraftverksmuseet i Tyssedal i mange år og er medlem i ei Europeisk kraftverksminnegruppe, finst det ikkje lenger liknande originale ingeniørbrakker, smie og anleggskraftstasjon i sitt originale miljø i Europa slik som ved Svartavatnet. Har me ikkje råd til å behalda dette ?

Det gamle kvernhuset ved Fiskefossen er demontert av BKK og vert restaurert av Fylkesantikvaren. Arne Høyland filmar og dokumenterer henting og grovskjering av nytt tømmer på Myra(Dyrhovden), byggjemåte, reidskapsbruk og konstruksjon etter avtale med kommunen. Så vert det plukka ned att, frakta til Fiskefossen og sett opp att til våren. Betre enn nytt!

Krigsminnesmerket «Botnahytta» er det arbeidd ein god del med. Korleis kan me klara å berga den for ettertid? Hytta er med i kulturminneplanen, men me får håpa at det vert bestemt korleis ho skal bergast før vind og vêr gjer det for seint å berga henne. Bjarne Øvredal har tilbydd både tømmer, hus til restaurering og transport av materialar, men han har søkt om kommunalt tilskot til helikoptertransport for restaurering i Rolvsvåg. Restaureringa er planlagt utført som «Laftekurs» der deltakarane betaler for å delta. Då vert kostnadane lave.

Historielaget har også teke opp med kommunen om det ikkje kan setjast opp eit informasjonskilt om NOTAHOLMEN som er Samnanger sitt viktigaste fotomotiv.

TAKK!


Samnanger historielag vil takka alle som har hjelpt til med arrangement, delt sine ting og informasjon med historielaget og kulturminnegranskar Arne Høyland i året som har gått. Ei spesiell takk til Anton for at me får bruka hans lokale, sjølv om han ikkje er med i styret lenger, og til styret i Grønsdal grendalag som let oss ha felekonsert der utan at dei ville ha «husleige».

Med takk for godt samarbeid i 2013

Samnanger historielag

Helge Hisdal

leiar



Samnanger historielag